




125 år

Olav Sletto 1886-1963



OLAV SLETTO-SELKAPET

kan i 2011 feira 10-årsdagen sin – samstundes som det skal markerast at det er 125 år sidan forfattaren Olav Sletto vart fødd.

Opptakten til selskapet vart gjort på eit Sletto-seminar hausten 2000. Kaare Wensaas, denne eldsjela blant kulturarbeidarane i Hol kommune, hadde vore pådrivaren bak det første Sletto-seminaret ved hundreårsjubileet i 1986 og jubileumstilstellinga på Bygdahall ti år seinare. Han var og den som tok initiativet til seminaret i 2000, der valdresdik- taren Jul Haganæs kasta fram tanken om å skipa eit Sletto-selskap. Kaare Wensaas og Jul Haganæs fortener såleis ein stor takk for at Olav Sletto-selskapet vart til. Dei har begge vore aktive styremedlemer i selskapet i mange år.

Hovudmålet for selskapet har vore å styrke kjennskapen til Olav Slettos forfattarskap. Dette har det vore arbeidd med på ymse vis. Den store Sletto-samlinga i Hol Bygdearkiv er ordna og katalogisert og ventar berre på ein forskar som vil dukka ned i dette forvit- nelege materialet. Selskapet har gjeve ut ei større årbok i 2002, redigert av Kåre Olav Solhjell, og det er kvart år sidan 2004 gjeve ut årshefter med innhald knytt til Sletto si dikting. Dei siste åra har årshefta hatt nytrykk av Sletto-bøkene «Småord» og «Um Tysk- land», og i dette jubileumsheftet kjem så nytrykk av Olav Sletto si debutbok frå 1908, «Dei gamle». Selskapet har og i samarbeid med Radio Hallingdal gjeve ut lydboka «Per Sjøl».

Til jubileumsmarkeringa i 2011 har Eldgrim Springgard laga eit forteljar-teater bygd på boka om «Per Stavlang». Hol Sparebank, Buskerud fylkeskommune og Hol kommune har gjeve svært god økonomisk stønad til dette prosjektet. Forteljar-teaterstykket blir framført i Sletto den 18. juni, den næraste laurdagen til Slettos fødselsdag, 21. juni.

Styret vil takka alle som ved direkte økonomisk stønad eller gjennom annonskjøp har hjelpt oss til å kunne markera 125-årsjubileet, og me vil takka den trufaste medlemsstok- ken som i dei ti åra sidan 2001 har vore med i Olav Sletto-selskapet.

Diktaren Olav Sletto fortener at det på denne måten blir halde liv i interessa for eit sermerkt forfattarskap!

Arne Skogheim
(styreleiar)

SISTE TUREN TIL SLETTO

I august 1962 var Olav Sletto ein siste tur til barndomsheimen. Han vart henta på Geilo- tun av Kaare Aasen, og i Sletto var fleire av slektningane samla til ei triveleg kaffistund. Jens Sletto har teke desse bileta som Britt-Mari har lånt oss til bruk i dette heftet.



I Ruesvingen på veg til Sletto for siste gong, saman med Kaare Aasen.



Heime i tunet. Frå v. Tor S. Hallingstad, Barbro Aasen, Olav Sletto.



Heile selskapet samla. Frå v. bak: Britt-Mari Sletto, Ragnhild Sletto Lien, Kaare Aasen, Barbro Sletto Aasen, Tomas Lien.

Frå v. framme: Kirstina Sletto, Olav Sletto, Tor S. Hallingstad, Birgit S. Hallingstad med Tone Berit Aasen på fanget.

MINNESTEINEN I SLETTO

vart reist i 1966. Steinen sto fyrst ovanfor husa i Sletto og vart seinare flytta ned til vegen der han står i dag. Jens Sletto tok dette biletet av arbeidslaget som var med og sette opp steinen:



Bak frå v. Birgit Sletto Hallingstad, Kristin Nedremyr (no Bakken), Eva Slåtto (no Bråthen), Aslak Sletto Hallingstad og Bjarne Slåtto. Framme frå v. Kjell Audun Aasen, Sigvat Haugen, Kaare Aasen, Olav Pål Nedremyr og Knut Medhus.



Sletto i 1966



Minnesteinen, reist 1966

Valdresdiktaren Jul Haganæs sette seg i 1997 i Olav Sletto sin bergstol på Kambenuten og tok inn over seg det same utsynet som Olav Sletto gjorde hundre år tidlegare. Biletet på framsida av dette jubileumsheftet er teke frå Kambenuten av Jan Robert Wick. Jul Haganæs var mannen som i 2001 kom med framlegget om å starta eit Olav Sletto-selskap. For dette vart han heidra med æresmedlemsskap i selskapet i 2004 då han slutta som styremedlem.

Då selskapet i 2002 gav ut sin fyrste årlege publikasjon, skreiv Haganæs ein artikkel om «Guten frå Kambenuten». I dette jubileumsskriftet og i samband med markeringa av 125-årsminnet i Sletto no i 2011, høver det å ta med siste delen av denne artikkelen til Jul Haganæs:

UTSYNET FRÅ KAMBENUTEN

For meg har det etter kvart vorte noko eventyrlig, noko hugtakande og forvitneleg ved alt det som har med Olav Sletto å gjera. For kven var han eigentleg, denne underlege mannen som vaks opp på det vesle bruket Sletto innunder Kambenuten i Hol? Han som hadde lese Bibelen frå perm til perm då han var berre 11 år gamal? Han som kom til å leva eit så merkeleg liv og vart ein så stor åndsmann og diktar?

Eg er så visst ikkje den rette til å prøve meg med eit svar på dette spørsmålet. Men eg veit at det som er att etter Olav Sletto, er ein ånds- og kulturskatt av det slaget som det blir meir og meir viktig å ta vare på, i ei opprivande tid der pengane og det materielle får dominere som aldri før. «Vi har ikkje råd til å vera han forutan», sa Vidar Bergset på eit Sletto-seminar i Hol. Det var sanne ord som det er grunn til å ta opp att med ettertanke.

Ei av Sletto-bøkene har tittelen «Skrinet skal opnast um hundre år». Eg vonar og trur at det ikkje skal gå hundre år frå no av før vi for fullt har teke i bruk det som finst i den skattkista som livsverket etter Olav Sletto er. Det er dette Olav Sletto-selskapet skal hjelpe til med.

Ein fin sumardag i 1997 kom kona mi og eg til Kambenuten ovanfor barndomsheimen til diktaren. Det var med ei underleg kjensle av høgtid eg sette meg på den stolen av stein som står der. Bergstolen til Olav Sletto. Der sat han så ofte i barndomen og i ungdomen. Der kunne han få vera åleine med tankane og draumane sine, medan han tok inn det storfelte synet av bygd og skog og vatn, med ruvande fjell i synsrendene. Kanskje var det her dei fyrste, mektige synene braut fram i han. Slik at han i heile livsverket sitt vart guten frå Kambenuten.

Olav Sletto – stilmeister med bodskap

I 2011 er det 125 år sidan Olav Sletto vart fødd. Olav Sletto-selskapet høgtidar åremålsdagen med å trykke opp att debut-boka ”Dei gamle”, og med å sette i scene utdrag frå Per-bøkene i tunet på Sletto 18. juni, tre dagar før rette dagen.

Ung debutant

Olav Sletto var 22 år då boka ”Dei gamle” kom ut hausten 1908. Sommaren før hadde han kome heim frå lærarskolen på Notodden. Bestefaren gav han fri frå onnearbeidet, så han fekk tid til å skrive på ei forteljing han var i gang med. Ho handla om to kårfolk som budde for seg sjølve i ei gammal stugu. Han las opp eit utdrag for presten og frua sist på sommaren.

Vinteren 1907 – 1908 var han lærarvikar i Vats. I juleferien heldt han seg der for å arbeide på boka. Sommaren etter vart manuskriptet godkjent av Olaf Norlis Forlag, og om hausten kom ho ut. Olav Sletto gjorde ingen brautande debut. ”Dei gamle” er ei lita bok på knapt 90 små og smale sider.

Heimstaddiktar med stil

Boka trefte tonen i tida. Ho er stramt komponert med klare og skilde scener, mest som i eit spelstykke. Kritikanane ville gjerne ha miljøschildringar og bilete av folkeliv. Det fekk dei. Heimstaddikting kalla dei slikt.

På første blad møter vi dei gamle. Dei sit i si brune, låge stove. Ute er det mørk og kald vinter med snøfok om novene. Andre dagar heng himmelen låg og tjukk over taket medan snøen dalar stilt. Men inne er det alltid lognt og varmt. På bordet står småkaker og blomar. Gamle Bergit sit med bundingen, og Gamle-Per les i blada. Alt som høyrer til, er på sin rette plass, kaffi, pipe og stuguklokke. Katten søv under omnen. Og Vesle-Per, gommo-guten, prinsen, sovnar i fanget før dei får lagt han.

Meldarane skreiv at dikteren var ein mogen og fullverdig diktar, ein av våre første stilistar. Han skreiv eit klangfullt og formfint mål. Sjølve Bjørnstjerne Bjørnson sa at boka var skriven av ei fin ånd. Og han tykte forfattaren var musikalsk.

Barn og gamle

Gommo-guten på sju som heiter Vesle-Per, har ein leikekamerat, Sigurd på elleve. Sigurd går på skule tre dagar i veka og er fire år framom i klokskap og kunnskap. Han held seg til det som er sant, medan Per ikkje ennå kan skilje mellom sanning og dikt. Men bestemors soger gir fantasien næring. Når det blømer på dørhella, skal du få bli med til kyrkja, lova bestemor ein gong. Sigurd lo av slikt, for det blømer aldri på dørhella! Så fekk også Vesle-Per lære seg å skilje.

At den unge debutanten kunne ha greie på barn, var ikkje så underleg. Meldarane undrast meir over den evnen han viste til å trenge inn i gamle folks tankar. Men kanskje var heller ikkje det så rart, for debutanten hadde vakse opp i lag med gamle folk. Gjennom heile oppveksten hadde han lydd til samtale mellom vaksne, og hadde skjerpa sansen for det usagde. Det er her vi finn bokas tema.

Om eg døydde i natt?

Boka er ikkje berre mogen innsikt i førestillingsverda hjå barn og gamle, ho er meir enn miljøschildring i stilfullt språk. Forfattaren har noko han vil ha sagt. Han vil fortelje om to gamle som får fare herifrå i fred.

Dei er for blyge til å tale med kvarandre om slikt, ho Bergit og han Per. Men ei natt blir Per liggande vaken, og då fører han samtale med seg sjølv. Han hadde alt fylt 20 fire gonger. Nå kom han i tankar om at det minka på den tida som var att. Om han døydde i natt, kvar bar det vel av? Bibelen hadde han ikkje brydd seg med, han greidde seg med blada. Han gledde seg ennå over den gaman han hadde hatt i ungdommen, og brydde seg lite med tankar på Gud. Han kjende glede over bankbøkene og over sølvet han hadde samla i skåpet. Kva tenkte Vårherre om det? Skulle han kanskje gjere pengane sine om til eit legat, og prøve å komme seg inn med Gud på den måten? Nei, Gud ville nok skjønne lurskapen. Kvifor kom du ikkje før, ville han seie. Han striddest med desse tankane heilt til klokka fire før han sovna. Men klokka seks var han vaken att.

Dei neste dagane kasta han frå seg blada og sat bøygd over Bibelen, utan at det hjelpte. Når han gjekk forbi skåpet med sølvsakene, tykte han djevelen sjølv greip etter han.

Ikkje tru ringt om Vårherre!

Han Gamle-Per fann det best å oppsøke sin gamle ven, han Ola Tveito. Ola forstod kva ærend Per var ute i, mest før ord var sagt. ”Du veit ikkje kva du sjølv skal gjera so

Gud vil vende godauga til deg. No skal eg segja deg ein ting: Du skal ingen ting gjera”. Ola forstod endåtil at den tanken hadde kome, at Per ville bruke pengane sine til noko Vårherre ville like. Men nå ville Ola gi Gamle-Per det rådet, at på Vårherre skulle han tru beintfram og utan tvil. ”Ikkje tru ringt um Vårherre, som er ein reideleg mann. Men prestar og preikarar kunne han gjerne vara seg for, dei vilde berre gjera det flokut for han”. ”Eg tykkjer det er underlegt at me aldri skal ha tala um desse ting, me som har tala om alt anna”, sa Gamle-Per.

Han var monaleg lettare til beins då han gjekk enn då han kom. Og nå sleppte vinteren taket. Klår luft og klår himmel! Det var mest som om Gud ville signe alt med sin solglans. Per såg det og gledde seg utan atterhald. Han sovna inn ei natt denne våren. Bergit vakna av di ho ikkje høyrde andedraga hans.

Den gamlaste som finst

”Eg er nok den gamlaste som finst no”, sa gamle Bergit om hausten, etter at Per var borte. Ryggen hadde bogna, ho var tunn og lita og mest ikkje til å kjenne att. Dei sa ho gjekk i barndommen. Men ho sat i stolen med bundingen som før. Berre sjeldan mista ho ei maske. Dei burde sende bod på presten nå, tykte ho. For prestens skuld. Han hadde god grunn til å kjenne seg ille ved, når ein ikkje vørde han meir. Så kom presten ein dag.

Presten orda frampå om det, at det kanskje var godt å sleppe nå, så gammal ho var. Å nei, ho Kari Kvame var nå endå eldre, minte Bergit han på. Men det ville vel bli fint å treffe att han Gamle-Per, heldt presten ved. Me ha nå ein Per her likevel, sa ho Bergit. Men brødet og vinen ville ho gjerne ha. Ho tok imot som eit barn.

Presten gjekk, og Bergit sat att i stolen. Stuguklokka passa tida, utan hast. Gamle Bergit visste ho hadde nok tid att til det ho skulle.

Første steg på diktarvegen

”Dei gamle” er første steg på Olav Slettos diktarveg. Det vi finn der, finn vi att seinare: Stram komposisjon, sikkert og stilfullt språk, skildring av miljø og folkeliv, innsikt i psykologi og historie. Debutanten er ingen stormande reformator. Han søker innsikt i verda slik ho er når ho er sett i sin rette skikk. Då må ein ause av andres erfaring, ikkje dikte luftige program for framtida. Tilfanget er større enn ein mann rekk over i si levetid: Historie, litteratur og alle fagvitskapane; mytologiske forteljingar frå heile vår kulturkrets og vidare enn det. Eller trong ein kanskje ikkje dra så langt? ”Dei gamle” bygger på tilfang diktaren samla i sine første leveår i sin nære krets, oppe i bakkane i Holsbygda.

DEI GAMLE

FORTELJING

AV

OLAV SLETTO

KRISTIANIA 1908

I.

Det er paa friskaste vinteren litt etter jol.

Snoi stend kald ifraa nord, og kvar gong at det blæs ein liten pust, ryk det kvitt burtetter snjomarkerne.

Men inne i Gamle-stova er det lognt og varmt og koselegt. Det sprakar lystig av turr bjørkeved i omnen; og kaffikjelen stend paa og eimar so god ein kaffiange ut i stova. Blomstrar stend det i svære steinpottor langs etter det store raudmaala bordet. Og omnsvarmen smøyger seg kjælen um blad og stylkjer. Og endaa dei med retten skulde njota sin vinterblund, er han so nærsøkjen at dei fær ikkje meir enn halvdorma, naar han er paa det beste.

Gamle Bergit sviv so til og ifraa, og steller med det og hitt. Ho er aaleine inne. Men ho hev sett paa bordet eit fat smaakakor, og glytter rett som det er gjennom glaset ut paa tunet, av di ho just ventar han Gamle-Per att ifraa postbudi.

So set ho seg i armstolen attmed omnen, daa ho tykkjest ha gjort seg ferdig med det ho skulde sjaa til rettes, og kviler seg – med bundingen i handi. Ho maa alltid hava noko i henderne. Det vert korkje kvild eller nokon vidare une minder. Og dette heng i fraa yngre dagar, den tid ho var eit drivande menneskje og sjeldan saag seg stunder til aa kvila. No brukar ho mykje aa kvila – i denne stolen sin nær inn til omnen, for no er ho gamall.

Men ho er mykje meir fjørug og frisk enn ventande kunde vera etter aldren. Og ho er lettleg og rødug som ho alle dagar hev vore. Men som ho soleis kan sitja i armstolen med bundingen sin, hender det ofte at ho reint gløymer seg av og let henderne kvila i fanget, berre sit og ser framfor seg. Og takomtil kann det daa leika ein smil yver andlitet hennar, - ein smil som er der lenge.

Ho ris upp or armstolen, gjeng seint og stilt yver golvet burt til glaset og ser ut. – Nei, ho ser endaa ingen. Jamenn dreg det ut fyrr han kjem. Kann aldri skyna kva han hefter so lenge med.

Ho luter seg nærare innpaa ruta, og ser upp paa den klaare, blaakalde vinterhimelen. Aa jau – vert det kaldt no ei rid, det er so klart med det. – Han skal verta forfrosen Gamle-Per fyrr han kjem.

Ho stend og kikar nedi nystova, um ho skulde einkvan sjaa av deim. Men nei, dei held seg innandørs baade store og smaa. Vesle-Per plar no ikkje vera vand aa sjaa ute paa tunet um dagarne. Men i dag er det vel for kaldt.

Sjaa der! – føykjer ikkje snjoen ute paa tunet! Hev du set slikt.

So snur ho seg ifraa glaset, tek ein kopp og vil smaka paa kaffien. I medan ho no skal njota denne vesle dropen, hallar ho seg makleg attyver i armstolen. Og kaffeimen steg so varm og godsnikande upp or den brune hugnadsvæta, kvar gong ho legg koppen til munns og syp ei liti dogg. Og varm og sterk og velmakande kjennest han heile vegen – like til han er svelgd.

Og no sit ho og tenkjer paa augnesteinen sin nedi stova, han Vesle-Per, gommoguten, og alt det andre dei kunde finna paa aa kalla honom. No maatte han gjerne ha kome; no lengta ho etter honom – ho sat so einsmall. – Det fylgjer alltid litt braak med sovorne smaakarar, men so tykkjer ein at det er hugnad med deim likevel. Dei hev det laget maa vita. Og som det var med Vesle-Per, so var han no sers vitug til aa vera so liten. Han kunde vera digt grov til aa spyrja kanskje – um likt og ulikt. Men ofte var det so løglegt det han spurde um eller maaten han spurde paa, at ein kunde ikkje anna enn le aat han, og so gløynde ein aa vera leid.—

Der lyder det stig ute i svali.

Døri gjeng vidt upp, og Gamle-Per stig innfyre med tela styvlar, svært paaklædd: tjukk vinterfrakk, eit raudt skjerf kring halsen fleire kast, og skinnluva støypt heilt nedyver øyro. Han set staven litt tungt i golvet for kvart stiget, og gjeng heller gamallvoren.

«Det er kvass kjøld i dag», segjer han, medan han tek skinnluva av seg med baee hender og legg henne paa bordet attmed kakefatet.

Bergit triv luva att med same og hengjer henne paa veggen.

«Du vart lenge», - Ho løyser av Gamle-Per den rima halsekluten.

«Du frys visst òg»

«Det er ikkje meir enn so vidt heller», segjer Gamle-Per. Og det hev han rett i, for han stend der baade frosen og blaa i andlitet.

Bergit dreg av honom vottarne, so frakken.

«Hugsa aa taka or bladi!»

«Ja, det maa eg no ikkje gløyma», segjer Bergit og dreg paa smilen.

Etter mykje bal fær Gamle-Per endeleg dei tela styvlarne av seg og laddarne paa. Men han hev under all denne hjelpelause avklædningi vorte ikkje so lite mindre aa sjaa til. Han sit der heller litenvoren og ihopskrokken. Haaret er langt og kvitt, og ligg frammyver øyro i tvo store brusar. Andlitet hev djupe rukkør; dragi er rolege og sterke.

So gjeng han burt i høgsetkraai etter langpipa og tobakposen, og saggar sagteleg yver golvet attende til omnen.

«Eg meinte det skulde vera noko anna no fyrst», segjer Bergit, og slær i kopparne den rjukande varme kaffien. So dreg ho vesle-bordet fram til omnen, at Gamle-Per kann faa sitja der han sit og hava det rett koselegt. Kjem so siglande med brettet – litt skjelhendt, og set seg sjølv paa ein stol innmed.

Det kann henda at Gamle-Per likar kaffi ! Ikkje berre av di at kaffi smakar godt. Han tykkjer ikkje ringare um den underfulle kraft som er i kaffien, naar han vert rett kokt. Og Bergit kona er same eins i det stykket. Og kaffi verkar um lag likt paa deim baee:

Det vermest so gildt all igjenom – innanfraa og ut i den ystte tupp og taag, og mjuknar og sterknar. Hjarta arbeider kraftigare; blodet strøymer noko anna so raskt i deira gamle aadrar; livet veks og modet aukar. Det er ein kveik og ei trøyst som ikkje noko anna kann gjeva.

Kaffistunderne er feststunder, stunder som desse tvo gamle i si einsemd ikkje hev raad til aa missa.

Gamle-Per vert etter kvart rødug. Og Bergit vil so gjerne svalla som nokon. Men ho er umtenkt og herder aa drygja til dess at gamlingen sjølv kjem paa los. Ho veit av god røynsla, at er han ikkje paa laget, so nyttar det lite um ein annan gjer oppkastet. Nei. Anten er det daa ha og ja, eller so svarar han slett ikkje.

«Han vil koma heim fraa Amerika til vaaren Askjell Mørk og, hørde eg i dag».

«Han vil no vel ikkje det, veit eg!», segjer Bergit. «Det er lenge sidan han reiste no».

«Han reiste – lat meg sjaa – den vaaren me gifte oss». – Og so ber det ut paa gamalt med baade Gamle-Per og Bergit. Det ber ut paa den tidi dei sjølve var unge, - daa livet var so lett og so morosamt aa liva.

Gamle-Per stappar i pipa etterpaa kaffien, kveikjer, dreg fyrst nokre svære drag til han hev fenge det godt til aa rjuka, hallar seg so attende i stolen. Røda spaknar, for det vert lenger og lenger millom kvar gong det vert sagt noko. Men røyken stig fraa pipa aat Gamle-Per, lagar seg burt i lufti til ringar som stig og kverv.

Og det skymest meir og meir etter kvart. Kvelden smyg seg ljodlaus som ein skugge inn gjenom ruta, og legg varleg og mjukt sitt skumingsslør yver kvar den ting. Den linne, logne varmen fraa omnen gjer dei tvo gamle svevnuge. Bergit blundar alt i armstolen sin med bindingen i handi. Gamle-Per syg paa pipa so lenge han veit til seg, sidan gløymer han aa halda liv i henne, og ho sloknar.

Tikk! – Takk! Stoveklokka, som ogso er gamall, tikkar so fredsamt og tolugt som munde ho òg vilja dorma.

Bergit ovrar paa seg um ei stund. Det er myrkt vorte, og ho kveikjer lampa og glyg-gjer det til i omnen. Gamle-Per vaknar òg for hennar skuld, og daa han kjenner at han hev pipa i munnviki, vil han halda fram med røykingi, men no hev ho – merkeleg nok – slokna. Jamenn lyt han alt kveikja paa nytt. – Og no hugsar han bladi òg.

Han fær deim og set seg til aa lesa. Og det arbeidet gjer Gamle-Per alltid vel ifraa hand. Han fer ikkje med aa skygna paa eitt stykke her og eit anna der og so hoppa yver alt det andre. Han les med same forvitenskap alt – fraa øvst paa fyrste sida til nedst paa siste.

Dette tykkjer Bergit ofte kann vera vel mykje. Det skal tid til sovore. Og naar Gamle-Per driv paa med bladi, er det korkje haatt eller hugs.

Ho set seg til att med bindingen sin; men glytter ender og gong burt paa gamlingen, kor langt til høgre han vel no kann vera komen paa sida. Det braslar i bladet kvar gong han flyt handi og tek nytt tak, eller gjer ein brett paa det so det skal falla laglegare aa handsama, eller han vender ei ny sida til. Bergit lyt gama seg med sine eigne hugsviv so lenge, endaa kor gjerne ho vilde tala. Men ho er so vel van med aa sitja soleis, at snart gløymer ho alt og sig burt i eigne tankar. –

«Kven var det som fortalde um Askjell Mørk i dag?» Ho kann ikkje halda seg lenger.

Gamle-Per hører at kona talar, men kann ikkje skilvanga ordi, og maa hefta seg med aa spyrja.

«Var det i dag du hørde, at Askjell skulde koma?»

«Ja visst var det vel i dag!» - Han er ikkje blid.

«Kven var det som fortalde det?»

Gamle-Per hører at kona talar paa nytt, og vert so vond at han segjer høgt det fyrste ordet han fester auga paa i bladet: «Michelsen!» hekser han, men sluttar med same han hører si eige røyst.

«Aa!» - segjer Bergit. «Sa han det».

Ho kjem so minst i hug, at det her kunde vera tale um riksministeren. Ho hører at det var Mikkelsen – skomakaren der i bygd, og gjev seg til tols med det. Ikkje vil ho heller meir uroa gamlingen, naar han sjølv so lite hev hug til.

Katten kjem fram under omnen, geispar, retter seg og strekkjer seg, gnur seg blidt innpaa stakken hennar Bergit og mël. Ho luter seg ned og klappar honom: «Aa stakar er du der».- So labbar han so smaatt yver golvet burtunder bordet, set seg der til aa blinka med augo.

Der tek Bergit fyrste geispen! Og det er soleis til stelt, at han skal ikkje verta aaleine.

«Det er visst leggjingstid tykkjest eg kjenna», seier ho. Ho ris upp og legg bundingen fraa seg, set burt kaffibrettet og skuvar veslebordet paa plassen sin.

Gamle-Per legg endeleg bladi ifraa seg, stryk seg yver augo og panna og geispar.-

Um eit bil er det kyrt og ljøset sløkt. Og natti, djup og still, løyner alt i gaatefullt myrker. Glørne i omnen folnar nedaat og døyr. Varmen i dei heite omnsplatorne smyg ut i stova, til paa resten at dei er heilt kalde. Katten uner ikkje lenger under bordet, men gjeng stilt paa lette labbar inn under omnen att og legg seg.

Men den gamle stoveklokka søv ikkje. Ho tikkar og gjeng og mæler natti i tusundtal sekundar, og melder for kvar knerten, at no er ein liten, liten mole tid gjengen.

Men dei gamle dei søv og hører det ikkje.

II.

Det lid ikkje langt ut paa fyremiddagen; men Vesle-Per hev likevel alt vore paa vitjing i Gamle-stova hjaa bestefar og bestemor. No stend han paa veg og skal utatter, for det var i grunnen det han hadde meint heile tidi, at han vilde ut paa tunet med skierne sine.

Og Gamle-Per hev drege toppluva kann henda vel langt nedyver øyro paa honom. Men det skin daa fram likevel tvo forlivande blaae augo, og likeins sting det seg ut ein morosam liten nase.

Gamle-Per lét døri upp so han kann koma ut.

«Du maa koma innatt paa timen du frys!» Han smiler og lèt døri att; gjev seg so til aa sviva fram og attende. Men han gjeng ender og daa ein sving burtaat glaset, at han kann faa ei timd av Vesle-Per der ute. Og han hev stor gaman naar Vesle-Per set til øvst paa laavebrui, og greider aa svinga ned bakken fram mot nystova. Og han maa undra seg, at han hev kunna vera so gløgg til aa finna løypa ut; men dei skal ikkje vera gamle fyrr dei syner umtanken!

Han maa storlæ, gamlingen, kvar gong at Vesle-Per dett og maa liggja og sparka i snjofonni. – Han hev godt av det fanten! – og han er godt klædd so han frys ikkje. Og spelande kar er han, so det er dette han likar best.

Gamle-Per bar verkeleg voner til Vesle-Per.- Fekk han so sant hava helsa og var livet lage, skulde me berre sjaa – naar aar var gjengne. Og so merkeleg vitug og skynsam daa paa alle ting. Gamle-Per tykte ofte at det var meir enn vanlegt – til her ikkje aa vera meir enn paa sjuande aaret.

Men Vesle-Per var no ogso grumguten der i Gamle-stova. Og kven kann undrast paa det? Han som heitte Per etter Gamle-Per sjølv, - og som med blaae barneaugo og ei tjaag barnerøyst gjorde stova so ljose og dei gamle so unge. Og dei gamle var som alle deim, som i dei sterkaste aar hev vore arbeidsame og gladhuga og i aldren er nokolunde friske og kvike, - dei var sers barnegode.

Dei lengta mest alltid etter Vesle-Per. Dei kunde vera so hjartans glade og takksame kvar gong han, vesle prinsen, vilde vera naadig aa lyda inn til deim. Og jamvel Gamle-Per kunde ofte finna paa verre og barnslegare enn ein unge.

Men sovori kjæta varde aldri rett lange stunderne med honom. Han vart straks vaksen og gamall att, og rusla sin gang fram og attende. Eller han stod i glasi og saag ut, - som han òg mykje gjorde i det seinare. Og han hadde heller ikkje mykje aa bera sut fyre, no han berre var kaarmann. Han hadde longe lagt ned, og dei som yngre var heldt styret. Haavard son hans hadde garden. Men ifraa glaset i Gamle-stova fylgjer han med i alt som gjeng for seg. Og er di verre ikkje alltid nøgd. Det gjeng for lite etter hans hovud.

«Nei sjaa rett paa Vesle-Per!» ropar han til Bergit som kjem inn fraa kjøkenet.

«Aa, eg hev stade lenge og set paa han gjennom kjøkenglaset. Det er makelaust so hardbalen han er!» Bergit gjeng òg burtaat.

«Hev han ikkje alt slikt eit lag med løypingi!» smollar Gamle-Per.

Dei smiler fegne aat Vesle-Per baee.

Gamle-Per sviv att.

«Enn um han vilde vera hjaa oss her upp i Gamlestova – den tidi me hadde att», segjer Bergit.

«Han vert vel ikkje god aa lokka til det».

«Og so vart det no ei uro, veit du».

«Ja, det er sant nok. Men eg veit aldri – det er liksom paa ein annan maate med han Vesle-Per».

«Han er heller ikkje lik andre born», segjer Bergit. Og dei er samde i det.- So ein dag tek Gamle-Per staven, og ruggar seinleg og stødug nedyver tunet til ungefolki.

Kari ungekona sit attmed bordet i den ljose romlege stova, og saumar.

«No kom du maate!» ropar ho fjaagt til Gamle-Per. «No hadde eg so plent kaffien ferdig».

«Ja, ja», smollar han velnøgd. «So fordrygde eg meg ikkje. – Elles var det ikkje just det eg gjekk etter».

Kari lær, og meiner paa at ein kopp kaffi kann ein alltid slumpa burt i – reint vanvares soleis. Han skulde berre setja seg ned, - skulde han faa kaffi som krak i kroppen.

«Me tek paa aa lengta so etter denne Vesle-Per'n, at eg trur plent du lyt lata oss faa honom upp i stova», spøkjer Gamle-Per; men han meiner det han segjer.

«Aa, ikkje anna!» lær Kari. «Jau det maa daa laga seg, kann du vita».

Gamle-Per lær òg der han sit. Ho Kari hev no eingong so velsigna eit lag med aa taka det paa lølegaste maaten.

So fær han kaffi og hev det godt.

Endeleg kjem Vesle-Per òg valtrande inn, kvit av snjo, men raudleitt og varm. Mori lyt til med aa faa snjoen av honom, og hengja vottarne og luva upp til turkings.

Gamlingen skal paa slutten gaa. Men so var det det – som ho Kari visst hugsa, at han hadde fenge han Vesle-Per av henne. Det var honom han gjekk etter. Og han kunde vel faa honom med seg med same?

Kari sa, at det maatte han so vel kunna for henne, vilde han so –

Men ho meinte det no ikkje so skilleg, tyktest Vesle-Per skyna, for ho lo og saag paa honom med same.

Men Gamle-Per sa, at daa var det best han takka for honom med same. Bestemori kom vel og takka eingong seinare. – Og han takka reideleg upp i handi so Vesle-Per saag det.

Men daa lutte Vesle-Per seg ned i benken og gret.

Gamle-Per gjekk burt og strauk honom lint yver haaret: Han maatte ikkje graata for dette. Han skulde faa koma her ned att til mor si so ofte han berre vilde. Men Gamle-Per laut hava seg tenestgut. Han trong hjelp med køyring; og serleg hadde han ingen til aa køyra Vesle-brunen – ein liten brun trehest som stod i kammersglaset. – Og det var reint det beste, at Vesle-Per gjorde det arbeidet.

Og Vesle-Per tykte òg at han vilde fylgja, naar det var soleis at han baade kunde koma til mor si naar han vilde, og faa køyra med Vesle-brunen.

Gamle-Per leidde Vesle-Per daa dei gjekk, og Kari fylgde ut.

«So maa du ha takk for oss i dag», segjer gamlingen og smiler.

Kari stend paa trammen og ser paa deim medan dei ruslar uppetter tunet: Gamle-Per stød og med varlege stig, Vesle-Per diltande jamsides, med si vesle hand i bestefar si store, vonfull og glad.

So gjeng ho inn atter i den store, ljose stova, og set seg til att med saumen. Men ho tenkjer paa kor underlegt det kann vera laga, at naar folk vert gamle, so vert dei born andre gongen. Og so heng dei gamle ved borni, og borni heng ved dei gamle med heilt hjartelag – med eit sers hjartelag.-

Gamle-Per var stolt som ein sigervinnar etter eit hardt slag – daa han steig inn i stova til Bergit. Og ho ikkje mindre, daa ho fekk høyra det som til hadde bore.

«Du lyt vera velkomen mange gonger no daa», sa ho.

Men dei hadde sine tvil um kor lenge han vilde una, denne nye tenestguten.

Vesle-Per munde ha teke sine tenarplikter med stort aalvor, for han var ikkje seg sjølv lik lenger. Han var so plent paa det, at han var burtimot bljug. Dei kunde røda alt det dei vilde, dei gamle, - han svara so lite til.

Gamle-Per tykkjer det er rart, at han no skal vera so mykje meir blygen enn til andre tider.

Men Vesle-Per sit og tenkjer kvifor i all verdi bestefar ikkje kann koma med hesten!

So skal dei til bords alle. For det høver so til, segjer Bergit, at han fær hava det lite-vetta godt med han er i Gamle-stova. Og der er kakor av alle gode slag – søte, gode! Og sovore plar kunna smetta i Vesle-Per utan nokon vande just. Men no er det òg annarleis. Han sit bljug og berre klyp i dei gode kakorne.

«Du vil no vel blygjast for aa vera bljug her i Gamle-stova!» segjer Bergit; og baae dei gamle lær.

Men endeleg umsider glepp det or Vesle-Per, det med hesten. Og daa tykkjest nok gamlingen vita, kva som hev skakka – heile tidi, og finn honom fram. Og Vesle-Per vert so glad at han gløymer aa vera bljug. Dei gode smaakakorne smett ned so lett, at den eine biar ikkje den andre. Og det vert snakk og godmøle paa deim alle saman.

Og gildt vart det utetter – heile tidi. Det fanst paa baade det eine og det andre. Serleg kunde Vesle-Per aldri verta leid den brune tre-hesten. Og daa kvelden kom og dei kveikte lampa, var det ingen Vesle-Per som bréka og vilde nedatter til mor si.

Og Gamle-Per sat med si lange pipa, og fylgde Vesle-Per med augo i kva han tok seg fyre, og gledde seg yver dette velsigna barnet – ervingen.

For gamlingen vilde lata Vesle-Per erva seg. Sonen, han Haavard, hadde nok fyrr. Han gjorde ikkje bruk for meir enn han lange hadde. Og dessutan hadde Haavard det med dette her aa vaaga ut og aa spikulera – i ting som vel ingen rett hadde vismun um. Og som visst like so snart kunde verta til tap som til vinst. Slikt noko hadde gamlingen imot. Sovore var uvitugt ferdalag, etter hans meining. Kor snart kunde ikkje vaagnaden ganga for vidt, og so vart enden daa tjon og tap – med alt.

Gamle-Per kunde aldri tenkja den vonde tanken, at hans middel – det han med stræv og umtanke hadde samla og vunne, og vakta paa og fenge til aa veksa – at alt det skulde setjast paa spel, og kann henda dersom ustundi var, med ein gong vera som blese burt, som søkkt i jordi. Nei. Det han leivde naar tidi var all, skulde ikkje spikulerast med. Det skulde liggja som ein roleg, fredsam og trygg skatt, som øksla seg sjølv med renta og rente-renta, og som gjorde eigarmannen glad og sterk og trygg i sin gang. Og den som fekk alt dette, han skulde ikkje spilla, men auka; han skulde leggja noko til og samla aat ætti. Og her skulde han hava grunn, og verkeleg grunn for sin sjølvvyrdnad og si magt.

Gamle-Per hadde sjølv ervt, og arven hadde han halde som ei heilag eiga. Den

hadde han alltid havt paa det visse. Og han hadde fenge honom munarleg til aa auka.

Haabø-mennerne hadde alle havt gaava til det. Men ikkje alle hadde alltid fare so rettferdlegt fram just – som det var i gamle-dagar daa. Dei hadde vel heller skøva, naar dei kunde koma til, i annan manns gryta. Men so var det annarleis den tidi. Dei som hadde magti kunde bruka henne som best dei vilde. Og vonleg hadde Haabømennerne i so maate ikkje vore verre enn alle andre.

Gamle-Per hadde all grunn til aa vera nøgd. Og det var han òg. Rikdomen gjorde honom baade trygg og glad. Han fann ofte hugnad i, paa sine rolege gamle-dagar, aa tenkja paa bankbøkerne og det gjæve, gamle sylvet, og paa garden som han hadde teke sin lut i aa arbeida fram. Det tedde gildt etter. Han hadde gjort som eit lite verk, - som han no var ferdig med, og som var til gagn for deim som etter vilde koma. – Han hadde vore liksom ferdig ei heil tid no, hadde berre kvilt seg i det siste; og kvila var god og uneleg for eit gamalt menneskje. Han trudde òg, at han kunde gjera seg det litt godt paa sine gamle dagar, utan at han gjorde nokor synd mot andre for det. Det vart nok att likevel.

Men Vesle-Per strævar med hesten det beste han kann, og underlege er dei hopp og sprang han kann faa honom til aa gjera. Gamle Bergit er like so barnsleg som han, og hjelper honom med aa dikta til elvar og sjøar og fæle berg som Brunen maa hoppa yver, daa Vesle-Per rid ut og skal vinna kongsdotteri.

Og – fyrr korkje han sjølv eller dei gamle veit av, søv Vesle-Per attmed skammelen. Og daa Bergit vert vår og betre skal sjaa, so ligg han og held Brunen etter vinstre bakfoten.

«No søv han!» kviskrar Bergit.

«Nei veit eg!» - Og Gamle-Per luter seg ned og lyder. «Jau so menn gjer han!»

Dei tvo gamle ser paa kvarandre og lær, stilt og godt. – No hadde dei vunne yver honom. Det saag ikkje anna ut til, enn at Vesle-Per vilde vera i Gamle-stova. Men denne sigersgleda dovna ikkje so lite av den suti som vakna: Korleis skulde dei no faa honom til sengs? Sengi var nok ferdig. Bergit hadde i all løynd stelt i stand dragbenken. Det vart det verste aa faa av honom klædi.

Dei sit eit bil og ser paa honom, som han ligg der ihopkrøken med hovudet paa armen, so still. – Han hadde stræva trutt dagen lang, og vorte for trøytt maa tru. – So kjem dei paa den raadi, at Gamle-Per skal taka honom paa fanget, og Bergit skal freista aa faa klædi dregne av so lett og vårt, at Vesle-Per ingenting merkar.

«Ja ja, vekk han no ikkje, eller so vert det graat». – Bergit hev ikkje den rette lit til Gamle-Per i slike ting.

Styvlar og sokkar fær dei av utan vande; broki er det verre med, men ho gjeng daa; trøya gjer hovudbrot, - den kann dei ikkje faa av so lenge han ligg.

«Nei no skynar eg slett ikkje - », segjer Gamle-Per og stryk seg raadlaus yver panna med den handi han hev fri.

«Me lyt reisa honom i sessen – sjaa um det daa ikkje gjeng», meiner Bergit.

Og daa – jaumenn smett det med den eine ermi. Men det skumpar so hardt at

Vesle-Per ser upp med eit sovande auga, men so heppeleg sig det att-i. Daa ogso den andre ermi smaug av, maatte dei gamle læ eit bil.

Varleg ber dei honom burt i dragbenken, og breider vel ikring honom. Og lenge gjev dei seg til aa staa og sjaa paa det vesle sovande andlitet. Dei stend liksom paa vakt yver han Vesle-Per.

Døri gjeng stillt upp, og Kari ungekona stig inn. Ho gjeng forviti yver golver imot deim.

Dei gamle lyser.

«Nei, jamenn søv han!» segjer Kari. «Det hadde eg mest ikkje trutt». – So segjer ho smilande god natt og sviv ut att – stillt – som ho kom.

- - -

Det kann henda at Vesle-Per sette noko augo upp, um morgonen daa han vakna! Han laag so undren og stirde. Og kunde ikkje faa nokon ting til aa høva i hop. Bestemori gjekk paa golvet denne morgonen, og mori var ingenstad aa sjaa. Taket, veggjerne, stova – kjende han ikkje att. Sengi var ikkje den han var van aa liggja i. Og – og – nei og nei! Vesle-Per visste ikkje betre raadi: han tok til graaten.

Bergit sprang forstøkt burt til dragbenken, og vilde hyggja honom til att med godt snakk. Gamle-Per same eins. Det kom kakor og sukk og kaffikoppen. Men det var mor si framandkaren no hadde bruk for. Han vilde i klædi og ned att i stova til mor si han. Og det var alt som han vilde – denne gongen. Ikkje Brunen eingong hugsa han paa.

Og Gamle-Per laut fylgja honom nedi att. Han leidde Vesle-Per; men Vesle-Per grét. Og Gamle-Per var litt flat. Det enda so formykje paa ein annan maate enn han hadde tenkt seg. Og som han sa daa han kom uppatt i Gamle-stova: dei hadde vore hosta stutt-tenkte.

«Du veit me skræmde honom, stakar. Han kann aldri tora koma her uppi meir, naar me lurer svevnen paa honom», bar han seg ille.

III.

Tjukt, graatt, stillt snjover. Flugsu etter flugsu kjem kvinglande ovan ifraa, legg seg side um side og yver kvarandre til eit kvitt, stort nytt lakan ovanpaa det gamle.

Og stillt. Ja so stillt! Alt læte møder seg armt og veikt i den snjofulle lufti, og døyr – og naar ikkje fram.

Himmelen sig tung som var han av bly nedyver fjellbrauterne. Og alle dei uteljande snjoflugsor gjer at han ser ut som eit graaprikkt tjeldplagg. – Naar snjo-kaven vert tjukk,

sig himmelen lægre og lægre med same graae tyngsla heilt ned paa hustaki, og dreg seg saman, dreg seg kjøvande trong um tunet. Heile den vide verdi ligg andtept som under ei tett, tung dyna.

Vegjerne husemillom er mest attsnøa. Stovetrammen høgnar som ei mjuk tuva upp fraa tunet, rein og kvit, liksom mannofot aldri der skulde ha trødt. Og innerter sval-tilet so langt raad er – der ogso hev snjoen vove sitt kvite tæpe.

Men etter middagskvildi kjem tenestguten ut og skal moka uppatter dei gamle vegjerne. Og daa veret er heller mildt, vert han baade varm og sveitt av arbeidet. Snart er tunet som eit heilt lite nèt – vegjer til kvar døri.-

Gamle-stova stend gamall og tung paa laage murar, med eit tungt tekkje av snjo yver seg. Sumarsol og vinterstorm hev gjort henne myrk i hamliten. Men ho ser likevel vyrdsam ut, og svali er sers ven med gamall utskurd. Og innanfor ruta, skimatar ein som tidast Gamle-Per med langpipa.

Inne i Gamle-stova er det døkt ein sovoren graa vinterdag. Dagsljoset kvider seg ved aa trengja gjennom dei gamle rutorne. Dessutan tek alle blomsterplantorne ikkje reint lite ljøs av. Men det er daa longt og varmt og koselegt.

Bergit sit i stolen sin med bundingen. Gamle-Per heldt til burte med glaset, for der kann han so heppe baade lesa i bladi, og sjaa ut paa tunet.

Og kløkka tikkar.

Eit par myser kikar varsame fram attmed eit spann burte ved hylla. Det er ikkje retteleg deira loglege tid aa ferdast ute – dette bil paa døgret. Men so stillt som det er, og daa baade Bergit og katten er gode aa koma utav det med, kann det vel ikkje vera so faarlegt. Dessutan søv Mons under omnen – no som vanleg. So dei gjeng likso godt bur-tunder skaapet til koppen hans med ein gong.

Og dei held gjestebod med kattermaten i all ro og tryggja – so trygge at Bergit umsider høyrer balet av deim. Daa lær ho fult med sjølve-seg, og vekkjer katten. Men det gjeng eit bil fyrr Mons endeleg skjønar kva som er tids. Og han er gamall og vel røynd, so han buvsar ikkje til, men tenkjer seg um.

Fyrst vil han smjuga fram eit par stig, og so der ifraa - -

Men han er tung og styrd av ro og gode dagar, kann slett ikkje fara so lett anna enn myserne høyrer honom paa timen. Dei er daa so sløge at dei gøymer seg attmed spannet att. Og det som verre er: deig jer smaa sprang burtpaa golvet rett som det er – berre til aa terga gamlingen.

Men sovore vil han sjølvsagt ikkje vita av, og busar fram fælt morsk. Daa er my-serne longe burte. Men no hev dei endeleg fenge honom vaken, det skal vera visst. Augo gneistrar, øyro er livande som paa ein ungvatt, og han lyfter dei gamle labbarne baade høgt og vårt, og lurer i alle krær. Men faafengt.

Enden vert at han ruslar heller gamallvoren attende yver golvet, mjauar godsleg upp til gamle Bergit, og legg seg under omnen att. Han er trøytt. Men Bergit tykkjest no gild av honom likevel.

IV.

Vesle-Per kjem setjande ut or svali styrlaus av gleda: Sigurd stend og ventar paa honom med skierne sine – ute paa tunet. For det er vorte so, at Vesle-Per hev fenge ein liten ven og leikebror her i verdi som heiter Sigurd – fraa grannegarden. Han kjem so visst der i tunet annankvar dag; daa er han fri skulen. Og Vesle-Per vert like urimeleg glad kvar gongen han kjem.

Men i dag fell det so ubeint for deim. Det høver just til at Mari tenestgjenta hev kasta mat ut aat geiterne. Og dermed er tunet stengt, og dei fær ikkje bruka den gamle løypa ovan ifraa laavebrui og hityver tunet. Det kann ikkje vera tale um aa løypa gjennom geiteflokket heller og uroa maaltidi, for Mari tenestgjenta er so fælände nøgje paa alt. Dei lyt nok fint venta til geiterne er ferdige, endaa kor drjuget det vert. Ut or tunet hev dei ikkje lov til aa gaa. –

Med Vesle-Per og dei i Gamle-stova stod det no soleis til, at han var upp-i der baade tidt og traatt med ljose dagen, men passa seg vel so han ikkje skulde sovna der – ein gong til. Veslebrunen var han like glad i endaa, han hadde korkje vorte leid eller øydelagt honom. Og det tykte Gamle-Per sers vel um. Han tykte at det synte slik agt og umtanke og slik ein stødleik. Endaa bestenor visst var den som her var aa takka, - som hadde berga Brunen for meinskade og beinskade so mang ein god gong.

Og det som ikkje minst gjorde det gildt i Gamle-stova, var alt det bestemori fortalde um slott og kongsgardar og prinsar og prinsessor, og um dyr og tre og blomar som kunde tala. Vesle-Per sat alltid still som ei mus med ho fortalde. Og han var Oskelabben, sa ho, som vann kongsdotteri.

Naar han so etterpaa var ute og leika, hadde den vesle hausen hans mykje aa tenkja paa – so sant han hadde stunder daa. Men det hadde han sjeldan – no etter at han hadde funne her i verdi ein som heitte Sigurd.

Men dei inne i Gamle-stova var svært paa vakt yver denne Sigurd'n. Dei ottast at han kunde ikkje vera snild nok maa tru, og læra Vesle-Per det som gale var. Men daa dei hadde spurt ut honom og njosna etter, og ikkje funne det ringaste korkje i ord eller atferd som tydde paa sovore, so var det ingen som bar sut um dei var i saman. –

Geiterne der burte paa tunet ét som skulde dei hava betaling, øvundar kvarandre matbiten, dultar og slæst. Dei sterkaste, dei som hev dei største horni, dei stend trygge i mat til knes, blader ut dei finaste høydottar og dei grønaste lauv-kvister for seg. Dei veikare fær ikkje koma nær, dei vert jaga ifraa av desse hornsterke, dei lyt nøgja seg med det daarlegaste. Desse stakars fortrenge stend daa og ser modlause og hatfulle burt paa desse som hev styrke og lange horn, og som held eitt for di at dei alle er sterke og hev lange horn, og som brukar magti berre til aa riva og rana til seg. Men dei kann ikkje gjeva seg yver. So kastar dei seg inn i svarmen, krafсар til seg, smyg, lurer, rømer og kjem att.

Sigurd og Vesle-Per gjeng burtaat og vil sjaa kor mykje geiterne no kann hava att av maten sin. Men daa vert dei harme baee tvo paa desse svinebeisti, som er so leide ved dei snildaste av geiterne!

«Blaageit! Skjemmest du ikkje? Veit du ikkje at Sala er di eigi dotter? Ho skal ha mat ho òg!» - Men Blaageit reknar ikkje skylda paa den maaten at ho skal skifta med nokon. Ho høyrer ikkje paa det øyra.

Men for slik livnad skal ho hava bank. Det hev ho forskylda, og no skal ho reideleg faa. Sigurd – han er den eldste – stiller seg burtaat Blaageit med skistaven gøymd bak paa ryggen, og gjev henne ein smeis so ho remjar og rømer med krylen rygg. «Eg skal læra deg ditt -!»

«Ho er ikkje so modig naar ho sjølv skal ha bank lell!» segjer Vesle-Per.

«Nei det ser ikkje so ut!» segjer Sigurd.

Og dei var svært sæle av dette dei hadde gjort.

Men so laag ulukka og lurde paa dei andre gongen for i dag: Ho Mari tenest-gjenta hadde stade og set at dei slo geiterne. Skulde du ha set maken til ungar!

«Ja, dette vil eg rett aldri oftare sjaa av dykk, gutar! De maa daa kunna skyna at de ikkje skal slaa dyri – soleis!» - Og so gjekk ho innatter i fjøset.

Dermed var gleda yver verket deira burte. Dei kjende det meir som hadde dei gjort noko gale. Og dei maatte løypa lenge og finna paa mykje fyrr dei gløymde det og vart glade att.

Daa all den gode maten er uppeten vert det fredelegt i geiteflokket. Ei for ei gjeng dei ifraa og tek paa aa gnaga toll og bar i største venskap. Og so hev gutarne vegen fri, og fær det rette lag og liv i løypingi.

Sporvarne som heile tidi hev halde seg paa laavebrui flyg no stad og set seg paa mønet. Men dei er ikkje lenge so våre. Dei er so vel vane med dette, at um litt flyg dei ned paa laavebrui og nedpaa tunet, og rømer berre kvar gong at gutarne kjem setjande. Det er laatt og olstring so det er fæle tingen. Gutane er raude og varme i kinni, og glade so det lyser av deim.

Men so radt dei hev fenge rivi av seg det verste, dovnar det heller med løypingi og det vert meir prat.

Sigurd er størst paa vokster, men so er han òg 11 aar, og Vesle-Per berre paa 7de. Han er ein lærd mann aa segja imot Vesle-Per. Han hev gjenge paa skulen og lese bøker, Han veit um so mange framande land og hav og menner, at Vesle-Per tykkjer det er reint noko mykje. Men til attergjeld hev Vesle-Per høyrte fleire forteljingar um glasberg og troll, og salar tekte med skinande gull og sylv inne i svarte fjelli, um paradishagar og englar og ungar. Sigurd hev ikkje havt nokor bestemor til aa fortelja aat seg, og tykkjer øvgildt um aa høyra det av Vesle-Per sin munn. Endaa Vesle-Per er fæl til aa røra i hop det han hev høyrte. Men Sigurd tykkjer at det vilde vera endaa mykje gildare med dette, um det no ogso var sant.

For han hev høyrte dei heime hev sagt, at det er nok ikkje sant slikt-noko; det er reglor.

Nei, men Sigurd veit um ein kar som heiter Nansen. Det er guten sin! Han rusla like til Nordpolen han! – Visste Vesle-Per kva Nordpolen er for noko? Jau, det er nordenden paa jordi det. – Han var burte i 3 aar! Daa kjem karen att. Men daa ropte dei hurra for honom so det skolv heile Kristiania!

Sigurd visste òg um ein dei kalla Stanley, og um so mange land og hav. Vesle-Per visste vel ikkje kva Nordishavet var for noko heller? - Nei Vesle-Per visste ikkje det.

«Jamenn stend det ille til med deg òg lell», segjer Sigurd.

So visst som at Sigurd ikkje trur paa anna enn det som er «sant» - han trur ikkje alt – like so visst hev Vesle-Per det aldri med aa tvila paa noko slag. For honom er alt like sant og like underlegt. Det som er honom fortalt, det er fortalt, og dermed er det so òg.

Men Sigurd tykkjer verkeleg mang ein gong at Vesle-Per er digt godtruen. Og det kjem so langt til slutt, at han tergar honom for det. So tykkjer Vesle-Per at Sigurd er leid og slett ikkje snild aa vera i lag med, og furtar. Men i neste augneblinken er det so heppelegt gløymt det heile. Sigurd lyder paa eventyri hans Vesle-Per, og undrar seg til liks med honom yver alt det forunderlege. Eller han fortel um heltarne sine, som anten liver eller hev livt, so det lyder for Vesle-Per som det reinaste eventyr. Og Sigurd er so gild og snild at - -

Ein gong Sigurd hadde vore soleis – gild og snild, fekk Vesle-Per hug til aa nemna noko til honom, som han daa just kom til aa hugsa paa.

«Har du vore ved kyrkja, Sigurd?»

«Ja, mange gonger».

«Eg med skal».

«Naar daa?»

«Aa ein gong – naar blomen kjem paa stovehella». – Vesle-Per visste ikkje sjølv kva det vilde segja. Det var noko bestemori hadde sagt til honom engong han vilde bréka seg med til kyrkja. Og daa han sidan hadde spurt naar det vart, hadde ho svara at det fekk han sjaa naar det leid so langt.

Sigurd, som stod og spikka paa ein trepinne, sette i aa læ:

«Kva segjer du?! Hev du nokon gong set, at det hev vakse blomar paa stovehella òg du!»

Vesle-Per vart baade liten og ustød. Og so denne fille laatten hans Sigurd! – Sigurd ser dette og fær hug til aa terga.

«Tosk til kar, so godtruen som du er. Kann du daa ikkje skyna at det er ei regla!» - Og han skratlær.

Vesle-Per er raud, fær ikkje upp maalet.

«Du høyrer daa at det er ei regla, veit eg. Blomarne veks i moldi dei – paa gjordet og burt i haugarne. Ikkje paa graasteinen!» - Og Sigurd lær.

Vesle-Per græt.

«Nei, men at du vil graata for dette lell!» Sigurd tregar med ein gong.

Men for seint er for seint: Vesle-Per spring graatande innatter.

«Nei daa! Kom no skal me finna paa noko morosamt! Vesle-Per!»

Men Vesle-Per pilta inn gongdøri – hørde ikkje.

Der stod Sigurd att aaleine midt i tunet, leid og skamfull. I dag tidleg hadde han sett seg fyre aa vera so snild. Og no skulde han fara soleis aat mot han Vesle-Per. – Han gjorde seg so liten han kunde med han løypte ut or tunet. No fortalde vel Vesle-Per det til

mor si òg. Ropte dei ikkje paa honom? Daa han er komen nedum laaven, græt Sigurd òg.

Daa han var heim komen, spurde han mor si um han maatte faa kjøpa ein ting og gjeva han Vesle-Per paa Haabø. Mor hans vart undri og spurde kvifor det? Daa græt Sigurd paa nytt lag, og fortalde at han hadde vore leid med han Vesle-Per.

Jau. Han skulde faa kjøpa. Men han maatte aldri vera leid – noko sinn meir.

Dagen etter daa han var paa skulen, var han ogso innum handelsmannen. Og dagen deretter rusla han upp til Vesle-Per med ein ny, fin follekniv i lumma. Han var skjelvande. Daa han var komen attmed laavehyrna stogga han og saag inn i tunet. Ingen Vesle-Per aa sjaa. – No vilde vel ikkje Vesle-Per koma ut eingong. So fekk han ikkje gjeva honom kniven daa.

Han gjekk inn i tunet. Og daa kjem Vesle-Per som eit lite solskinsver ut or Gamle-stova. Uppgjeret vart svært lett – det vart gløymt av baae partarne. - -

Men Bergit i Gamle-stova vart baade undri og daatt med, daa Vesle-Per ein dag segjer til henne:

«Det er ikkje sant det at blomen kjem paa stovehella. Han kjem aldri dit – aldri noko sinn. Men eg vil til kyrkja likevel eg».

«Kven hev sagt det?»

«Han Sigurd».

Ho vart ille ved. For ho tyktest skyna, at Vesle-Per maatte kjenna seg vondt narra. Han hadde fenge røynt at han kunde ikkje tru – ikkje tru bestemor si lenger; ho sa ikkje sant. – Ein kann verkeleg ikkje vera vår nok med ungar, tenkte ho. Dei tek alt so beinfram, og kjenner seg so fort svikne. So laut ho til med aa fortelja og uttyda korleis det i grunnen var med det, og paa den maaten byggja uppatt det som ho hadde rive ned.

Men Vesle-Per er braatt komen so langt paa livsens-vegen, at han no veit at sumt av det han høyrer er dikt, eventyr, usanning. Men endaa er han so lukkeleg det unge barnet, at han gløymer aa bera mistru – for det meste.

V.

Det er sundagsmorgon. Og sundagsmorgonen tykkjer alle er reint annarleis enn dei andre morgnar i vika – som han ogso er. I stova er reinare og finare og meir fjelga enn elles. Kjelar og grytor skin i kjøkenet av pussen dei hev fenge um laurdagen. Og omnen sender liksom ein linnare, finare lunke ut i huset. Kaffikjelen stend paa komfyren og eimar so god ein gim av kaffi inn i stova. Og maten, som ein no lyt ha sundagsmorgonen som elles, ser baade betre og smaklegare ut. Ikkje aa tala um at han beintfram smakar av fest! – det vil segja; han smakar nett soleis som berre mat kann gjera i ei glad feststund.

For sundagsmorgonen eig eit stillt, inderlegt, festlegt lag yver seg. Og dette festlege, glade, frie som ligg i lufti, som straalar ut fraa kvar den ting, skapar i hjarta ei still frygd.

Det skapar ein jubel, som ein maa kalla fredsam av di han ikkje fær lov til aa brjota seg fram, som berre liver og kitlar ned bringa, men som straalar gjennom glytt og smil og sælt godmøle.

No skal dei faa hava heile dagen fri – eller mest fri; skal rett faa kosa seg; skal faa gaa og slengja litt til eit umbrigde; skal faa raaka saman med vener og rolsa og prata.

Alle hev kasta kvardagshamen til sides. Alle er reine og hev dei fine besteklædi paa. Dei hev ei kjensla av friskleik og styrke og nytt liv. Og – ja dei kjenner seg helga og reinsa jamvel inn sin hug. Reinsingi av kroppen hev verka paa deira sjæl og tanke som eit laug. Alt som er reint og vent vinn aa koma deim so inderlegt nær. Men alt som kann sulka og ruska til, hev dei fenge so livande ein mothug for.

Det er helg. - -

Vesle-Per hev ogso ei sterk kjensla av at sundagsmorgonen er noko sers: det er ikkje plent med maate slik som mori vaskar honom – endaa han hadde fenge eit dugelegt laug um laurdagen med. Han skal vera so gullande rein og fin at -. Og hev han endeleg fenge besteklædi paa og kome seg til bords, so vert han sett til aa eta so yverlag fint. Ikkje maa han drøypa kaffi paa trøya si, og slett ikkje ruska seg til med smør paa fingrane. Og skulde det henda, um ikkje det ringaste med vilje, so laut det atter ein vask til.

Men sundagsmorgonen fær han ha so godt rom paa bordet som han berre vil. Han fær ha det snupt aaleine. Og det er no godt, for han hev so mange bilætbøker. Men han lagar bilæte sjølv og paa tavla, baade menner og kjeringar. Dei kunde han ofte faa tærige til, med nokre nasar lange som snablar, og lippor reint fæle. Snart kunde det mest berre vera hovud, og under der daa kom ein ørliten kropp, og nokre bein so smaae og vesle at det vart til aa læ aat. Hestar fekk han og til naar han vilde – baade hestar i traav og i firsprang.

Far skal mest alltid til kyrkja. Og naar veret ikkje er altfor kaldt, fær mor ogso fylgja med. Men daa køyrer dei med Storebrunen, so daa er det reint høgtid med det.

Og det hender ikkje sjeldan at Vesle-Per soverne sundagsmorgnar plent gløymer aa lyda upp i Gamle-stova, so mori maa minna honom um det. Og ho vil no fælt gjerne ha honom der upp i med dei fær sleppa av garde. For Vesle-Per vil ogso vera med til kyrkja som jamnast.

Men det er ikkje greidt vera liten.

«Det er for langt og for kaldt aat deg, skulde eg meina», segjer far hans berre.

Um no Vesle-Per snyrpar seg til og vil graata, og meiner at det skal hjelpa, so hjelper ikkje det. For far hans læst som aldri han ser det. Men mor hans kann daa segja med same ho set seg i sleden, at han skal nok faa fylgja sidan. No kann han faa aka burtum grindi, sidan piltar han snildt inn atter i Gamle-stova.

Men i grindi stend Vesle-Per og frys, og ser etter Storebrunen som gjeng smaadan-sande med ringlande bjøllekrans burtetter vegen – til kyrkja. Til han endeleg um lenge piltar attende til tuns.-

Men Vesle-Per er no i kyrkja like vel, um ikkje i den kyrkja som far og mor er i. Og

hans kyrkja er mykje gildare og venare – mykje underlegare. Der er det nokolite kvitt og fint og skinande! Og der er noko dei kallar altaret; det er nok det gjævaste etter som Vesle-Per kann skyna. Ja, nei – lysekruna som heng ned ifraa taket med ovleg mange ljøs i som lyser alle messetider, den er kann henda like so grus. –

Ein mann dei kallar presten er ogso i Vesle-Per si kyrkja. Han gjeng i side, kvite klæde, større og høgre, ljosare og blidare enn alt folket. Og alle deim som i kyrkja er, er vene og snilde og sit og syng i salmeboki. –

Men med far og mor er i kyrkja, held Vesle-Per kaffilag i Gamle-stova. Og det er svært gildt – ikkje berre for Vesle-Per som daa er vert, men kann henda vel so mykje for dei gamle. Det er aldri mange gjesterne. Det er berre han Sigurd, og so bestefar og bestemor. Men det er ogso fullt nok til aa kunna ha det hugnadsamt og gildt.

Bergit er no den som lyt koka kaffien og bera paa bordet. Og naar ho ogso hev slege kaffien i, hev ho sidan berre aa vera gjest.

«Versogod! Set dykk innaat til lite kaffi», segjer Vesle-Per stød og aalvorsam, som er han alt ein gamall kjøkemeistar.

Sigurd smiler bljuht. Men Gamle-Per er i stilen.

«Aa takk! Det er mest leitt at du skal halda kostnad paa oss», smollar han.

Og Bergit lét um at det slett-ikkje skal vera kaffi – no ikkje.

«De maa ikkje lata dykk beda!» segjer Vesle-Per. Og det ber til bords.

Men Gamle-Per og Bergit glytter paa kvarandre. Det er ikkje fritt dei er byрге av Per'n, slikt vit og lag han hev med allting.

VI.

Verdi ja, ho er rar! Det er ofte soleis at ein maa tru ho finn sers moro i aa gjøla for folk, og sidan svika deim.

Som no med han Gamle-Per.

Han venta mykje paa at Askjell Mørk skulde koma heim fraa Amerika. Og han hadde sett til sides i roskaapet noko framifraa «sterkt». Og den fine karaffelen av gamalt glas, med dei tri vesle staupi som hørde til – stod ogso i den same kraai. Gamle-Per heldt desse fine glasbidni oveleg gjæve, og tok deim tidt og ofte fram. Var det daa kome lite-vetta bos paa deim, gnika han det vel av, for dei skulde brukast naar no han Askjell kom eingong. Og den eldste langpipa – som visst var eldre enn Gamle-Per sjølv, og som var so sylvslegi og tung at det var eit arbeid aa røykja i henne, - henne hadde Gamle-Per tenkt at Askjell skulde bruka. Ho var den mest vyrde av alle hans pipor. Og han heldt stort bal med aa faa henne i lag.

Bergit hadde paa sin kant ogso tenkt yver og rekna ut og sett til sides – til no han Askjell vilde koma.

Og dei var samde um det baee tvo, at han skulde bu der hjaa deim den tidi han vart heime. Det var ikkje mange det laag nærare til. Og dei hygde seg til det baee.

Men so ein dag grannekona sat uppi Gamle-stova, skulde det koma so kuvst. Det var ei liti togn i talen, og grannekona mælte sokkespøtet sitt:

«Han skulde nok ikkje faa koma heim att Askjell Mørk – som han vel hadde meint», tek ho paa.

«Jaso!» svarar Gamle-Per og let bladet falla. «Kom det noko i vegen?»

«Ja, han døydde so braatt, vita dei aa fortelja».

Gamle-Per gjet ikkje meir, men fær det annvint med bladet.

Og det varde eit bil fyrr Bergit og kom seg til aa røda meir um det. Men det var forvitnelegt aa faa meir greida, og grannekona vilde gjerne fortelja. –

Ja. Det var underlegt var det. Og soleis som han hadde lengta til Norig og den siste tidi. Han hadde jamvel skrive det i eit brev, at kunde han berre koma heim, var det alt han ynskte seg. Men so langt skulde han ikkje vinna saag me. –

Gamle-Per braslar svært med bladet. Det er vel ikkje noko sers han finn aa hefta seg ved. So legg han det burt um eit bil og ruslar ut.

For det gjekk meir inn paa honom enn han vilde vera ved. Han hadde tenkt so mykje paa Askjell i det seinste og var komen honom paa ei vis heilt nær – ja so nær, at han godt kunde sjaa honom for augo. Og han kjende seg og sviken for noko gildt han hadde venta seg. Men alrarest gjorde det, at han kvakk so underleg med same han hørde naasbodet. Og det kom tankar som Gamle-Per maatte jaga.

VII.

«Eg undrast so plent korleis han liver gamlingen paa Tveito», segjer Gamle-Per ein morgon.

«Kvifor daa?» spør Bergit.

«Jau, eg kom det i hug. Det er so lenge sidan me hev lydt til ein annan no».

«Ja, ikkje hev du havt so godt for aa koma ut, og han daa visst ikkje betre. Han er so halt maa vita».

«Ja ha». – Gamle-Per sit og tenkjer. «Han tek til aa verta gamall han med».

Dette var det visse prat til kvar einaste morgon med Gamle-Per no i det seinste. Dei hadde alltid vore vener og gode grannar han og Tveito-gamlingen. Men no hadde Gamle-Per fenge det med aa lengta etter honom. Han gjorde seg ærend aat glaset rett som det var, og stod daa og stirde ned etter vegen – lange stunderne.

«Men kva er det du ser for slag?» kunde Bergit spyrja.

«Jau, eg venta mest at det kunde koma einkvan her. Ola Tveito».

«Nei, korleis kann du koma paa aa tenkja det daa?» segjer ho. –

Ein dag Gamle-Per ser at Haavard og tenestguten steller med ein slede ute paa tunet, gjeng han ut til deim.

«Hev de høyrte noko fraa Tveito nyss?» spør han.

«Nei?» segjer Haavard undren.

«Det er rett so lenge sidan han hev vore her gamlingen, at ein helst maa tru han er sjuk».

Haavard smiler.

«Ventar du han hit?»

«Ja, eg tenkte meg mest kann henda han vilde sjaa hit no snart». Gamlingen ruslar innatt.

Haavard stend og ser etter honom, og tykkjest merka at gamlingen er vorten so underleg gruv og gamall i det siste.

«Det skal undra meg um gamlingen vert sers gamall», segjer tenestguten.

«Eg trur just det same», segjer Haavard.

So vert ingenting sagt paa eit bil.

«Han er vorten so reint barnsleg i det siste», segjer tenestguten. «Det plar jamt vera eit mark. No hev han teke paa med aa ganga i glasi og tykkja langt etter Tveito-gamlingen, no».

«Ja det er skillegt som han lengtar», segjer Haavard. «Eg meiner du lyt taka øyken og svinga nedum etter gamlingen. So kann dei faa raakast. Dei vil ha slik moro av det; og for oss er det so lite um aa gjera».

«Eg vilde just nemnt det same», segjer tenestguten.

«Ein kann aldri vita», segjer Haavard sagtleg.

Tenestguten selar øyken og spenner fyre, tek so av garde.

«Du lyt leggja ordi soleis, at du ingen skræmer!» segjer Haavard etter honom.

Haavard held paa med sleden eit bil, retter so ryggen og vert standande og stira nordetter bygdi. – Ein huskrull her og ein annan der – langsetter strandi og uppe i lidi. I vest stiga skogliderne upp ifraa fjorden. Han kann ogso timja fossegilet.

So gjeng han inn i Gamle-stova skal melda gjesten.

Det læt i ei dumbjolla, ogkvinnfolki kjem til syne i glaset. Tenestguten køyrer innpaa tunet so hesten gjeng i lett dans, og svingar upp aat Gamle-stova. Gamle-Ola Tveito sit inntulla i spiss-sleden, liten og gamall. Gamle-Per og Bergit kjem ut paa trammen.

«Vilde du endeleg ein gong lyda upp no Ola!» ropar Gamle-Per.

«God dag, god dag! Jamenn vilde eg so Per Haabø» segjer Ola ute i sleden. Tenestguten hjelper honom utor. Han styd seg paa ein sylvholka stav, av di han er halt; nevehel-sar paa Gamle-Per og Bergit.

«Ver no snild og kom inn og staa ikkje der i kjøldi», segjer Bergit. Ho gjeng fyre og læt upp dørrerne. Og Gamle-Per vil liksom stydja Ola Tveito.

«Det er lenge sidan me hev setst no Ola. Eg hev reint stunda etter deg», segjer Gamle-Per daa dei er inn komne.

«Ja, eg tenkte paa dette i natt», segjer Ola Tveito. «No hev me ikkje talast ved sidan annan dag jol».

«Neimenn hev me vel heller», segjer Gamle-Per. «Ja ha. Tidi gjeng».

Ola hev fenge av seg utanpaaklædi.

«Set deg ned Ola, her i armstolen», segjer Bergit og dreg stolen betre til rettes og nærmare omnen.

«Set deg ned, set deg ned», segjer Gamle-Per.

«Takk eg finn meg nok eit sæte», - Ola set seg i armstolen.

«Jamenn hev du eldast Ola – i det siste», segjer Gamle-Per.

«Ja eg er gamall òg; det er ikkje anna aa venta. Men du held deg ikkje so godt som du hev gjort du heller Per. Meistar til skilnad ein kann sjaa – imot ei tid her fyre. Men du Bergit er makelaus, tykkjer eg plent. Du vert ikkje gamall du».

«Ja eg kann ikkje klag», segjer Bergit. «Eg er jamenn meir fjørug enn ein kunde venta – so pass langt som eg er komi fram i aldren. Endaa du veit det kann vera ofte leidt med den gigti».

«Ja visst, ja visst. Gigti ja. Den er det no som gjer kaal paa meg heilt», segjer Ola.

Gamle-Per hev vore burte i roskaapet og funne fram karaffelen.

«Det er nok ikkje meir enn so vidt at eg hev aa bjoda ein dram no Ola. Du drygde for lenge fyrr du kom».

«Aa du hev no so mykje at det dryp enno ser eg», smollar Ola.

Gamle-Per skjengkjer, set seg so i kubbestolen. Bergit ber paa bordet og hev mykje aa gjera.

Gamlingane kveikjer piporne sine og set seg makeleg til.

«Ja, no hev du det rolegt og godt Per. Og det hev du raad til òg», segjer Ola.

«Aa ja – det er ikkje mykje eg hev aa ansla med. Dei lyt faa stulla no dei som yngre er».

«Dei kann so ja. Me gamle hev henge i vaar tid. Og elles – dei unge maa ha alt paa sin nye maate; og den kann me gamle som jamnast ikkje lika oss med».

«Ja du hev rett. Det er dei unge som vil vita all ting best. Me hev so lite aa segja me gamle».

«Men det gjeng ikkje naame-nær so godt no som det gjorde fyrr likevel. Du ser det i kvar den gard. Det gjeng ikkje soleis paa Haabø heller som det gjorde ei tid».

«Eg veit so lite korleis Haavard driv det. Han gjev meg ingi greida. Elles sit han mest i kammerset med skriving og lester, tykkjest eg sjaa».

«Sit i kammerset ja».

«Det er det eg meiner, at han tek for mykje paa seg utanum. Han driv nok fram garden; ein kann ikkje segja anna. Men han er for lite med sjølv. So gjeng det so ymso».

«Du skulde tala fram».

«Eg hev tala. Men Haavard er slik at ikkje er han imot, og heller ikkje fer han noko etter. So eg talar vel ikkje meir; og det vil vera det beste. – Me er for gamle», segjer Gamle-Per med ein smil.

Men no segjer Bergit, at dei maa vera gilde aa smaka maten hennar. Det var berre uvandelegt tillaga.

Det skulde ho no ikkje bera seg ille for, segjer Ola. Ho hadde allstødt havt framifraa mat; det visste han um. – Det ber til bords.

«Ja Bergit», segjer Ola, «no er me gamle. Men eg minnest ei tid, at me kunde dansa – kann henda litt sprækare enn me no vilde gjera». – Dei lær.

«Ja rett! – Det fanst mykje paa i dei dagarne», segjer ho. – Men kor mange var dei vel no att av den store flokken jamaldringar, som kunde sankast ein sundagskveld i de idagar – her i bygdi?

Ja, det var no deim daa, og nokre faae til dei nemnde. Resten var longe komen under torva, eller var paa andre stader. Helst daa i Amerika. Det var rart aa koma det i hug, at dei som ein havde mest i hop med av baade sut og gleda, dei var slett ikkje meir aa faa skifta eit ord med.

«Eg kjem deim so ofte i hug», segjer Gamle-Per.

Og so fell talen ut paa Askjell Mørk, som skulde vera so ryr, at han ikkje kunde faa gjera seg sjølv eller andre den gleda aa koma heim att. Dei tala um honom lenge. Han hadde vore deim alle ein gjæv ven, og dei var mykje kløkte.

Dei høyrer ein sus og ein brus ute i kjøkenet paa komfyren.

«Au! Der gjeng det gale med kaffikjelen min!» - Bergit maa taka flugti snøggaste ho kann.

Ola Tveito legg armarne i kross paa bordet, luter seg nærmare inn aat Gamle-Per og segjer laagt:

«Du! No skal eg segja deg ein ting. Me hev kann henda lite av livetidi vaar utrøytt eg og du. Det heng so plent i meg».

Gamle-Per tykte han nogg.

«Det kunde nok raaka inn. Me veit ikkje meir», segjer han um eit bil.

«Og det vil vel koma til aa ganga fort, naar tidi vaar kjem», held Ola fram.

«Det kann me daa ikkje vita», segjer Gamle-Per.

«Me hev vore sers sterke og friske all vaar dag, Per, - uvanleg, aldri sjuke nokon av oss. – Dette at eg no er vorten halt, kann eg ikkje rekna, - det er ikkje innvertes sjukdom. – Me hev ikkje visst av slikt noko. Det plar jamnast ganga braatt med deim som hev havt det paa den maaten».

Bergit kjem inn atter og set seg. Ho fær lov til aa skjengkja i litt meir kaffi til deim. Gamlingane mislikar ikkje det.

«Skal eg faa slaa ned i ein aat deg Ola?» spør Gamle-Per.

«Takk, jamenn kann du so».

Gamle-Per sigler etter karaffelen og slær ein dram nedi kaffien aat Ola og seg sjølv.

«Du vil vel ha Bergit».

«Eg vandar ikkje», segjer Bergit og lær.

«Ja no vert daa ikkje byvegen lang», segjer Ola. «Det er meistar med den jarnvegen

– so skjot».

«Kven kunde no drøymt um det at me skulde faa jarnveg – for ei tid her fyre?», segjer Gamle-Per.

«Ja er det ikkje so du lukt kunde verta forbina!», segjer Bergit.

«Og her veks det opp med nye kvitmaala hus – veks som sopp um hausten», segjer Ola.

«Ja det fekk no endaa vera», segjer Gamle-Per. «Men all denne hersens brote framande, folk og rekarfant um ein annan. Eg høyrer dei segjer at det plent lang- rekkjer etter vegen alle dagar».

«Akkuratt! Du skal ikkje kjenna deg att!» segjer Ola. Han slær Gamle-Per på herdi: «Nei nei, gamle Per Haabø. Me hev ingen hugnad av aa liva – no lenger».

Bergit ser skræmd paa Ola. At han kunde sitja og spotta med sovore, gamle menneskjet. Jamenn trong kvar all den stund han fekk hava – til aa gjera seg ferdig her ifraa.-

Det lät ei dumbjølla ut for døri.

«Der kjem skjussen min», segjer Ola. «No hev eg vore her i mange timar. Tidi er snar aa trøyta – sume bil».

Dei ris upp fraa bordet, og Ola fær paa seg utanpaaklædi.

«Du maa ha ein aa ganga paa Ola». – Gamle-Per kjem med karaffelen.

«Ja ja. Men denne maa vera den siste».

Anten det no er skilnaden eller det er drammarne som gjer det, dei er kløkte desse gamle. Ola gjev Gamle-Per handi.

«Takk for meg so mange gonger!» Det er med naud han held graaten attende.

«Sjølvtakk – at du vilde koma. Me lyt rusla i saman Ola, denne tidi». – Taarorne trillar nedyver kjakarne hans Gamle-Per.

Ola gjev Bergit handi.

«Takk for denne gongen. Me er gamle Bergit, men Gud lyt daa hjelpa oss alle».

«Han vil daa visst ikkje slaa handi av oss, Ola. – Du maa snart lyda uppatt daa». Ho maa turka ei taar.

So fær Ola skinnluva vel nedyver øyro og staven i hand. Gamle-Per og Bergit fylgjer honom ut.

VIII.

Det er natti, og fredt og stillt i Gamle-stova. Baae dei gamle søv. – Nei, der snur Gamle-Per seg burt i sengi. Han vakna visst no. Han hev det med aa liggja vaken sisteluten av natti, heilt til ut paa morgonsida.

Stoveklokka slær, og Gamle-Per tel til 12 slag. – Er klokka verkeleg ikkje meir. So tidleg hadde han daa ikkje vakna fyrr um næterne. No var det daa visst ikkje meir aa tenkja paa blund – i natt.

Han knepper henderne under nakken. – Aa ja, ja ja. – Bergit søv med djupe andedrag. – Det er godt at ho fær sova. Regtigt godt er det. Han søv vel han Ola Tveito med. Han gjer vel det. Hadde han no lege ved sida her, so kunde dei ha trøytt natti med svall. – Men elles hadde han vorte halt Ola no. Halt ja. Kven kunde no tenkt det som saag honom i ungdomen; meistardansar som han var og spræk kar. Men det er aldri aa røda um; alderdomen er ikkje ungdomen lik.

Eit framifraa godt menneskje hadde han vore all sin dag. Hjartegod og som so mjuk i seg. Men ill òg, som den gongen han dengde honom Store-Sigmund. Du verdi! Gamle-Per minnest det skillegt som skulde det vore i gaar: Dansarlyden stend golvet rundt i ein ring; frampaa akslar Store-Sigmund med tunge ord og morske faktor, og passeleg liten, ledug og spræk – Ola Tveito. Dei slæst paa ramaste aalvoret. Men svært nær stend ein ferdig til aa kakka til Store-Sigmund um det golde paa – det er Gamle-Per sjølv.

Gamle-Per smiler der han ligg. – Det var moro i alt slag den tidi. Ein var for kvik og sterk og modig maa vita. Men men, det var vel alt anna enn det som godt var ein kom i hug, og hadde seg aat. Det er greidt nok aa vita. Men i ungdomen, kor mykje kom ein vel det i hug. Det er sagte vondt nok for eit gamalt menneskje aa faa seg til aa trega det soleis som ein skulde.

Men det var det, at ein just budde seg til aa liva – i langsameleg tid. Ein haatta ikkje noko anna. At denne langsamelege tidi gjekk so merkeleg fort, at ho ikkje var til aa hefta eller henta innatt, det hugsaa ein so minst paa. Og alt var berre so ljost og morosamt aa taka paa med. Det var ikkje kvide med all ting daa, som det vart i aldruge dagar. Og det var sagte det beste alt med ein hadde livet fram fyre seg.

No var Gamle-Per yver dei fire tjuge. – Aa ja. Den tidi hadde gjenge vonom fortare; so nær som i det seinste, av di han no hadde for lite aa ampast med. Dagarne kunde vera fælände lange; eller dei meir som gleid yver i kvarandre. Den eine dagen so lik hin. Ein gjekk der paa resten som i ein lang draum berre.

Men tidi gjekk daa like vel, kunde ein merka av Almanakka. Det var ikkje rett so lenge fyrr maanaden var ende paa, og aaret ende paa. Det gleid liksom ned ein bakke, jamt og utan stans. Det bar mot gravi. Gravi ja. Det var den visse plassen for oss alle, – den svarte moldhola som me skulde grytast ned i naar me var ferdige med alt vaart stræv.

Gamle-Per snur seg um paa sida. – Den som kunde sleppa aa tenkja paa slikt noko. Ja ja, no vil eg freista aa faa sova. Aa, den som kunde faa sova! –

Den gamle stoveklokka slær høgt, skræmelegt: eitt! So syng det etter slaget ein skjelvande tone som veiknar burt. Stillt. Tikk! Takk!

Ja, han laut nok døy ein gong. Det var ikkje aa tala um aa sleppa det. Det maatte me alle. Men han var no ikkje meir enn fire tjuge endaa, og han kunde liva sine fem tjuge – og meir. Han hadde aldri vore sjuk, aldri det – til aa rekna for. Ikkje var han sjuk heller. Og her saag ein at dei kunde vera sjuke, ja liggja til sengs i aarevis fyrr det vart enden – dei fleste. Det vilde vera paa ein langt annan maate aa døy ogso daa. Det vilde vel kjennast som ei lisa og lindring etter verken og sjuk- domen. Men ein frisk ein hadde ikkje hug til aa døy, beinfram ikkje hug. Han hadde det godt her han var.

Dauden ja. Merkelegt med den Vaarherre. Dauden sende han som ei straff yver menneskja, - som den største straff han kunde finna paa. Og han hadde raaka det. Naar dauden kom so var det ikkje meir med oss daa. Daa var me burte fraa alt. Husi og alt ein aatte – att stod det. Alt vaart, alt som ein ikkje vilde skiljast ved, - ein maatte burt ifraa det. Og gløymd med same, som aldri ein skulde ha trødt med sin fot paa denne jord. – Aa nei, gløymd vilde ein vel knapt verta so med same, den som hadde slegt etter seg daa. Dei vilde no koma til aa minnast ein borni, og barneborni, og borni deira.

Gamle-Per smiler inn i veggen. Gudskjelov! Dei vilde minnast ein. Dei vilde spyrja og fortelja kvarandre kva ein var for noko, og kva ein hadde gjort. Og sume vilde vel ogso koma til aa bera namnet aat ein. Det vart paa lag som aa liva frametter alle tider det.

Aa ja, du veit at livet er i grunnen mødesamt, skal ein vera ærleg. Ein kjenner det best, naar ein er komen noko ut i aari. Ein vilde daa so gjerne ha ro, men roi finn ein ikkje. Ein gjeng og sviv, men so trøytt liksom. Kunde ein faa sovna inn, siga burt i roleg svevn, det tykkjest ein kjenna skulde vera so godt. – Ja det skulde vera godt; det er ikkje aa dylja for det. Ikkje eldre enn Gamle-Per var, han tykte det han òg mang ein gong.

Men no er det soleis maa vita, at dauden er noko anna enn ein svevn berre. Det fylgjer ei vakning paa den svevnen vilja dei hava det til. Og daa er det nok at oppgjeret skal standa. Aa ja, ja.

Gamle-Per snur seg att paa ryggen, og knepper henderne under hovudet. Han tykkjer at det er so kvæve og varmt. «Det er vel heller lite av livetidi me hev utrøytt, eg og du». Ordi hans Ola Tveito kjem honom for øyro og skræmer. – Aa, du tek i mist min gode ven; det kann du ikkje vita. Ingen veit det.

Elles, det er mange som det gjeng snøgt med. Det er mange som hev lagt seg friske i si seng um kvelden, - um morgonen lege daude. Sovna inn kann henda utan ein sukk, utan ein liten tanke eller bøn til Gud; sovna inn, ikkje visst det ringaste meir av, so hev dei funne seg att paa hin staden.

Ein braa daude. Aa ja, ja. Var det noko ein maatte ynskja med ein hadde livedagen, so var det dette at ein maatte sleppa aa døy ein braa daude. So ein kunde faa tidi for seg, og tankarne for seg. Det var lang tid det galdt um; ei tid som aldri tok ende.

Aa! Dersom han no døydde i morgon eller i natt, eller i denne time. Kor bar det vel av? – Han som ikkje hadde tenkt paa dauden den minste grand. Denne verdi som dei kalla, alt som høyrde dette livet til, det hadde han haka seg fast i, og meir etter kvart som han vart eldre. Og kunsti var vel den, at dette her det skulde ein sleppa, gjeva ifraa seg. Ik-

kje tenkja paa det, og slett ikkje hava det kjært. Men han – han var glad i sine hus og sine pengar, sine bankbøker og sitt sylv. Han hadde sagte tenkt at Vesle-Per skulde hava det alt etter sine dagar. Men i grunnen var det vel sin middel og seg sjølv han hadde elska i honom òg. – Korleis hadde han ikkje vore kjær i sin gode kopp kaffi, og i ein dram naar det var kaldt. Men hans tankar paa eit anna liv? – Han hadde ikkje lese Guds ord ein gong. Han hadde lesi bladi av di at tidi ofte fall langsam; men aldri bibelen.

Stoveklokka slær tvo harde slag, - etterpaa ein skjelvande, veiknande tone. Stillt. Tikk! Takk! Per! Per! –

Kva hadde han tenkt paa, gamle menneskjet han var. Skyna han ikkje det, at dauden maatte koma, og heldt paa aa koma kvar dagen. Var han galen! – liva sitt liv og ikkje tenkja paa Gud! Politikken ja; den og hin; ungdomsdagarne og galne spell; den eller hin gongen han hadde note æra millom vener eller framande; - det hadde han tenkt paa, det hadde han trøysta seg ved.

Soleis hadde det vore. Aari hadde gjenge, livet hadde gjenge so alderdomen kom, - her han no laag var han like langt komen paa den veggen, som er den vissaste veggen i verdi. No syndarkroken tok han paa aa skjelva. No var han rædd no. No vilde han vera lur og koma seg inn med Gud.

Men Gud vilde nok skyna lurskapen. Han vilde straks ha paa det reine, at Gamle-Per var ræddhuga av di han skulde døy. Og so vilde vel Vaarherre segja nei takk! Kvifor kom du ikkje fyrr? – Ja skam deg Gamle-Per. Du vilde arbeida aat deg sjølv du med du hadde liv og helsa. No kjem du til meg. Kva bruk kann eg gjera av deg diitt gamle skrap?

Gamle-Per snur seg mot veggen.

Det var altfor sant soleis, han hadde ikkje paa naame-nær vore soleis som han skulde. Det visste han sjølv um, og det vilde han ikkje dylja for. Men – ja han hadde arbeidt og stræva med garden som han tok i arv etter far sin. Han hadde brote nye aakrar og bygt nye hus, og elles halde fram det som var teke paa med fyre hans tid.. Og han hadde vore glad yver det som tedde etter balet; det hadde han verkeleg vore. Men han hadde heller aldri gløymt dei slegter som etter skulde koma, og som skulde faa njota godt av strævet hans. Han hadde trutt og ofte kjent det med, at han gjorde noko godt ved det. Han hadde ikkje skyna betre enn at dette var beintfram det rettaste han kunde gjera her i verdi. Han hadde slett ikkje berre arbeidt aat seg sjølv, det hadde han ikkje.

Og so skrapall var han just heller ikkje. Sjuk hadde han aldri vore, det visste Vaarherre sjølv, og var det ikkje heller. Han kunde nok gjera ikkje so lite endaa, fekk han liva som hit til og Vaarherre vilde lata til litevetta helsa.

Han vilde ikkje segja at han hadde vore nett soleis som han skulde i alle ting. Han var ikkje av deim. Me maatte hugsa at alle so hadde me vaare lyte. Og han hadde visst altfor stor skuld paa seg; det vilde han ikkje løyna. Endaa det visst var deim som hadde so mykje og vel so det.

Men han trudde daa det, at han kunde gjera ymse godt endaa. Han hadde pengar som kunde koma mange til godes. Han kunde laga eit legat. –

Gamle-Per smilte ved den tanken. Han kjende seg ikkje so arm endaa.

Stoveklokka varslar, slær tri sterke slag, liksom ho vilde jaga upp alt som i notti og myrkret kunde vera løynt. Tikk! - Takk! Per! Per!

Her hadde han lege og vasa seg burt, gløymt seg av, og gløymt det som godt var. Ja soleis var han. Og dette hadde Djævelen sjølv sagt visst aa bruka til gagn for seg. No hadde han so sikkert vore der, og vore kar til aa koma inn paa Gamle-Per, so han ingenting hadde merka.

Gamle-Per kunde ikkje segja at han hadde røynt so mykje just av Djævelen i sitt liv. Han hadde knapt kome Djævelen i hug ein gong. Og slett ikkje kunde han segja, at han hadde vore kar um aa øygna kloie hans i nokon ting. Men saki var vel berre den, at han hadde ikkje set vel nok etter. Djævelen hadde vel vore med i baade det eine og det andre, um han ikkje hadde gaadd honom. Han var slu den karen, og kunde nok gjera seg usynleg.

Her hadde han vore og teke burt audmykti og angeren yver syndi, som Gamle-Per i stad hadde kjent so sterkt. Og i staden hadde han gjort honom kaut beintfram for Gud sjølv. Jamvel det hadde han narra honom til. – Han vilde vel ikkje sleppa taket med godom, som ventande var. Han hadde nok gjort seg tankar for sin eigen part. Men det kunde kann henda ikkje ganga so lett som han hadde rekna ut. For Gamle-Per visste um honom no, og vilde strida imot, og vera paa vakt.

Gamle-Per ligg og lyder paa klokka som tikkar og gjeng, til han paa resten tykkjer at det lagar seg til ord: synd! synd! segjer ho.

Ja visst, ja. Synd, det var ordet. Han hadde gjort synd alle sine dagar ifraa mors liv. – Men aldri so mykje som tenkt paa syndi, aldri ei dust. Han hadde sagt kjent baade tidt og ofte at han gjorde gale i det og det, og daa liksom trega og vilja gjort det godt att. Men at det var synd som ein skulde straffast for av Vaarherre, kom han aldri i hug. Han hadde livt soleis som han sjølv tykte at det var rett og sømelegt, ikkje spurt eingong kva barnelærdomen sa.

Og alle hans gjedlikar same eins.

Gamle-Per veit ikkje sjølv av fyrr han hev gløymt synderne sine, og er i tankarne midt i millom sine glade leikebrør fraa unge dagar – i eit dansegilde. Det er leik og laatt og sjau; det syng um øyro av ordstev og visor. – Gamle-Per lær halv- høgt. – Klokka gnell i med fire slag, og han kvekk so han sprett i sengi. Men braatt so minnest han at han ligg i strid med Djævelen. Ja ja. Sjaa der! No laag han under paa nytt lag. Der hadde Djævelen vore att med sine snaror, og Gamle-Per hadde ingenting merka og tapt skammeleg. Men han tykte aa vita kva hin mannen hadde etla seg til, at han vilde binda hjarta hans soleis til verdi, at han aldri skulde kunna koma laus att. Paa den maaten var det vel lettast aa faa bugt med Gamle-Per. Han var umtenkt den karen.

Gamle-Per kjenner seg i vande stelli. Og han er vorten ikkje so lite ottefull, av di han endaa berre hev tapt i striden. Han ligg og arbeider og tenkjer, og vil finna raad mot den sløge. Men han er ikkje roleg og klar nok til aa hitta paa det minste som kann vera hjelp i. – Endeleg um lenge fær han ein ljøs tanke. Han vil segja naar freistaren kjem med sine kunster: Vik bak um meg, Satan! Og so vilde han av all magt sleppa denne verdi.

Men Gamle-Per hev umsider vorte baade trøytt og mod etter all den striding.. Han sovnar, og drøymmer at han hastar frametter vegen som ber til himmerike. Djævelen svarmar langt att i vegjerne, og beljar skræmelegt. Han vil ha klørne i Gamle-Per, som han no veit er paa himmelferdi. Ei still elv renn paa vinstre hand. –

Stoveklokka syng upp med fem slag. Men gjennom svevnen lyddest det for Gamle-Per som underlege klokketonar, som berst honom imot langt burtan ifraa, der som himmerike ligg.

I dei fleste æventyr som hev med himmerike aa gjera, spelar St. Peter basen. Gamle-Per fekk ogso ei timd av den mannen. – Han kom endeleg so langt at han øygna portarne. Og han kunde vel sjaa at dei var gjorde av gull og glimande steinar. Dei laag i ein yverlag skir solglans, paa andre sida av ein still sjø som laag der og blika. Daa kjem der ein baat glidande, og St. Peter sjølv sit i framstammen. Gamle-Per skyna med same at det var han, og la vel merke til. Han var ein røseleg, rett godt vaksen kar i rundtrøya, og med store blanke tolvskillingsknappar.

Burtanifraa himmerike let aa nyom det same ovfagre, lokkande ljød. Men Gamle-Per vakna, og daa var det stoveklokka – ho slo det siste slaget av seks.

IX.

Gamle-Per gjeng aaleine att og fram ute i kammerset – svært tankefull. Han stoggar mange gonger framfor det store roskaapet, tek etter lykjarne liksom han vil læsa upp, men kjem seg aldri til og sviv attifraa.

Endeleg gjer han raskt aalvor av og fær skapdøri upp. Og det gløser og skin der inne av gamle sylvkannor, sylvstaup, skeier og bidne. Det er ein straalande skatt som med eitt ligg synberr. Gamle-Per sin skatt. Og den gamle aasyni ljøsnaar i straalarne der innan ifraa. Augo kviler blanke og klaare og lenge paa kvar av dei gamle dyre tingi. Med yverlag vår hand lyfter eller flyt han paa eitt og anna, - lint, letthendt, og den gamle stive neven plent som kjæler for det kvite sylvet. Grant og med stor umtanke ser han paa utkrot og gamle innskrifter. –

Og der inn i kraai stend den gamle karaffelen av fint glas, og dei tri smaastaupi som høyrer til. No er det kome bøs paa den fine, glatte flata, men Gamle-Per gnikar det ikkje av. Han kom reint vanvares til aa tenkja paa Ola Tveito og Askjell Mørk. Og det kom plaagande tankar yver honom. Det vart ikkje lenger gildt attmed roskaapet, han laut aa nyom til aa reika paa golvet.

Men kvar gongen han snur seg og gjeng innyver golvet, skin det imot honom ein kvit sylvglans, ein mild løge som gjer Gamle-Per godt.

Og han kann ikkje anna enn undra seg yver Vaarherre, som ikkje kann tola at ein er litevetta glad i det ein eig. Han hev daa sjølv gjeve ein det.

Men – og Gamle-Per stoggar – kann henda Djævelen -? Kann henda han gjorde sylvet so glimande og blankt at det lysa og blika – i eit myrkt skaaprom? Ja var det ikkje underlegt! Der laag det inn-i eit skaap, i eit myrkt rom – og gleim, og gløste, og brann som kvit eld – med ei heil satans magt! –

Han vert stird burt i skaapromet, og tykkjer at det meir og meir kveikjer og illblenkjer og braglar upp med eld og loge. Der slår kvite tungor ut -!

Gamle-Per skreller skaapdøri att og svimrar ut. Han torde sidan aldri setja sin fot i kammerset. Der var den faarlege staden; der brann Djævelen som eld.

Men han takka Vaarherre at han hadde fenge vitror i tide. Det saag ut som ei varsling av Vaarherre sjølv; og han fekk høge tankar um Vaarherre. Det var ikkje mange som vilde ha gjort det soleis – mot ein dei hadde bore uppe so lite godt av.

Men Gamle-Per ser òg meir og meir for ei groveleg magt freistaren hev i denne verdi. Og serleg klaart ser han korleis hin mannen gjeng fraa gard til gard og bitt gamle og unge. Ikkje med jarnlekkjor som han hadde høyrte fraa liten av, men med skinande lekkjor av sylv og gull.

Aa du sløge, ja du veit kva du gjer! –

- Bergit vart ikkje lite forundra ein dag. Ho kjem inn or kjøkenet, og der sit Gamle-Per med den eldgamle bibelboki framfor seg. Det var ikkje meir enn so at ho kjende ein liten kvekk med same. Det var so for mykje nytt. Han hadde klara seg so vel med bladi han fyrr, og aldri gjort bruk av annan lester. Ho kom plent til aa undrast kva det kunde ha sin grunn i, at han no leita fram bibelen.

Men ho vart meir enn forstøkt daa ho betre fekk sjaa etter. Han sat ikkje og las; han sat der og grunda – so djupt og tungt, at ein maatte tru han var sjuk til sinns. Ho fekk slik hug til aa spyra, men torde seg ikkje til. Han kunde ikkje lika det trudde ho.

So ris han upp og tek til aa gaa – fram og attende, fram og attende, bleik og stur. Han ser plent ikkje henne. Han gjeng der og driv i timevis, gjet ikkje ordet.

«Er det noko som er gjenge deg imot?» spør Bergit.

Han ser upp paa ein maate som han ikkje visste at ho var inne, og spør kva ho sa. - - Nei, det var daa ikkje det.

Det skreid ikkje av honom att heller; han gjekk soleis i dagevis, og fekk ikkje sova um næterne. Bergit vart reint ulukkeleg for det same. Ho vilde so gjerne ha visst kva det var som bila honom, og vore honom til hjelp.

Men ein dag fær ho som ei liti von. Mari tenestgjenta kjem inn med bladi, og Gamle-Per tek imot deim lett og forviten – som vanleg naar bladi kom. Og set seg til aa lesa. Men best som han sit, kastar han bladi som var han brend. «Hev du set! der var han att!» sa han, og tok paa aa driva paa golvet. Um eit bil treiv han bladi og stakk dei inn i ei myklr kraa. Bergit visste ikkje kva ho skulde tenkja.

Ho tyktest ogso merka, daa det leid paa, at han hadde i sinn aa slutta røykja. Men det munde ikkje ganga lett for honom. Han læste pipa ned, og han tok ho framatt; han kunde sitja og røykja, og med eitt tverrhiva heile stasen, og han stod og fingra med henne liksom berre for moro, og smatta og drog paa utslokte pipa. Det saag ut som han ikkje kunde herda aa staa imot.

Men Bergit var glad paa ei vis like vel. Det saag daa ut som han hadde noko godt for seg. Han hadde vel ikkje tydt til bibelen mindre.

Men so ein dag fær Ola Tveito vitjing av Gamle-Per. Han hadde noko sers han maatte ha tala um denne gongen, og dei sit lenge tvo eine.

«Og no veit du ikkje kva du skal gjera?» segjer Ola.

«Nei eg veit det slett ikkje. Eg hev freista med so mykje; men det gjev ingen fred noko slag».

«Du Per Haabø! No skal eg segja deg ein ting: Du skal ingenting gjera».

Gamle-Per ser burt paa Ola.

«Det er dette kann eg skyna som du ikkje finn skil i. Du veit ikkje kva du sjølv skal gjera so at Gud vil vera deg naadig».

«Ja visst er det. Eg er for lite som eg skal maa vita».

«Og truleg hev det svive deg ein og annan gongen, at du skulde bruka midelen din til aa gjera eitkvart som Vaarherre vilde lika».

«Ja; men det er visst ikkje mun i».

«Og so tykkjer du nok det vil eg meina, at du ikkje kann trega soleis som du skulde».

«Ja det er ikkje nok med di. Men naar eg ikkje sers hugsar meg, so kann eg finna slik hugnad i aa sitja og minnast – fraa yngre dagar».

«Dette er plent som det var meg sjølv ei tid», segjer Ola.

Men no vilde han gjeva Gamle-Per den raadi, at paa Vaarherre skulde han tru beintfram og utan tvil. Ikkje tru ringt um Vaarherre, som var ein reideleg mann. Men prestar og preikarar kunde han gjerne vara seg for; dei vilde berre gjera det flokut for honom.

«Men syndi daa Ola?» spør Gamle-Per i otte.

Ja syndi skulde han ha vit til aa lata Vaarherre greida med. Den orka vel ikkje Gamle-Per korso.

«Ja, men angren og tregen -?»

Ola smiler so godt og trygt.

«Angren vil nok koma naar du berre nærmar deg til Gud so at du kann faa ei timd av honom. Men daa vil du kjenna det som hjartegraat – og som mothug mot det du er i og som lengting mot noko anna som kann helga deg».

Umsider maa Gamle-Per ogso faa tala litt um han som Ola ikkje hev nemnt med eit ord: Djævelen.

Og gamle Ola ser smilande burt paa Gamle-Per.

«Aa du truhjartige gamle venen min!» lær han. –

- Gamle-Per trur blindt paa Ola i desse ting. Han tykkjer forresten at Ola er den beste mannen aa koma til med alt som kann falla i floke for ein.

Men daa han stend og skal gaa, segjer han:

«Eg tykkjer det er underlegt at me aldri skal ha tala um desse ting, me som hev tala um alt anna».

Ola smiler langt.

«Nei, det er ikkje so underlegt. Eg visste vel at naar du kom til aa tenkja paa desse ting, so vilde du samraada deg med meg. Det hev vore soleis millom oss tvo; me hev hjelpt kvarandre.

Men eg hadde no venta paa deg i lenger tid no».
Gamle-Per ruslar heimyver – ikkje so lite lettare.

X.

Vinteren hev lote slept taket, og vaaren er det no som raar.

Klaar luft, klar himmel. Og godt og varmt – ikkje berre innmed solveggen der Gamle-Per held til, men heile verdi er varm, og full av ung kraft.

Og det vart lettare aa tru paa timen vaaren kom. Han sat daa dagleg som vitne til dette underlege livet som aldri kann døy, men som er ævigt. Og han tykte meir og meir aa kjenna paa seg at Vaarherre er nok kjærleik og milda mot oss menneskje. –

Soli er aat og skal glada, og skin no so innerleg blank og skir yver alt. Fjelli og snjobreddarne raudnar som stod dei i brand, bjørkeliderne ser ut som var dei sveipte i gylt flor, og glasrutorne paa alle gardar stend og blenkjer.

Gamle-Per sviv ute paa tunet. So tek han vegen uppetter gjordet. Og etter kvart han kjem høgre upp stoggar han og stirer nedover – til Haabø som ligg der stor og fin med eng og aaker, til grannegardarne og bygdi og fjorden nordetter. So set han seg til aa kvila i graset. – Ja ja! Det var skilleg fint ver denne kvelden. Det saag ut som Gud vilde signa alt med sin vene solglans. Han heldt liksom stor fest – paa lag. Og det kunde godt henda at Herren ein sovoren kveld var midt imillom oss, og me saag ikkje anna enn at soli skein. Ja ja, sa'n. Soleis var det.

Der nede paa den garden, der hadde han trøytt si tid. Det hadde vore mykje hugnad hadde det – og mykje stræv òg. Men no vaks det etter alle sitt arbeid, baade etter hans og etter deira som fyre honom hadde vore. Og Gud gjeve at det maatte unnast vokster til det som seinare vilde koma av arbeid òg.

Soli gøymde seg attum fjellet. Men gullkanta skyer svam yver fjellbruni, og kveldsroden stod bleik glødande yver heile vesthimmelen. Bygdi sveiptest med eitt som i døkk skugge. Ein fred, still og sæl som var han ei gaava fraa himmelen, fær verdi til aa kvila.

Gamle-Per sit og ser, og vert som so langt burte. Han sit som forklaara.

So tek han um eit bil staven, og gjeng seint og varleg nedover att.

Bergit ligg og fær ikkje sova. Ho kjenner seg so underleg ei leis, og det tek henne med slik uro. So svallar ho til Gamle-Per, men fær ikkje noko svar.

«Per, er du vaken?» spør ho um eit bil. Men han svarar ikkje. So ris ho upp og kveikjer i ljoset. Gamle-Per søv fredfullt – men er svært so bleik. – Bergit kjenner seg ikkje svevnug, so ho vil ikkje leggja seg att; men ho nører i omnen og set paa kjelen.

«Søv du Per?» Ikkje svar.

Ho gjeng burt aat sengi og ser paa honom. Han søv so merkeleg stilt. Ho luter seg ned og lyder, men kann ikkje høyra noko andedrag. «Nei men Per!» - Ho tek honom ned paa kinnnet, og det kjennest heilt kaldt. «Per daa!» Ho ankar seg som eit barn, ruskar honom i armen, jamrar seg.

Men Gamle-Per søv no so djup ein svevn, at han kann ingenting høyra.

Ho sig ned paa ein stol, kann ikkje faa graata, kann ikkje tenkja. Ho ser at Gamle-Per er daaen, og hev ei kjensla av noko forfærlegt. So losnar stridgraaten. Nei, nei, nei! At ho skulde sova og lata honom liggja og strida aaleine! Ikkje eit ord, ikkje ei hjelpande hand kunde han faa. – Ho græt av trege og sorg som vilde hjarta fylgja med.

Ho gjeng fram og attende i den gamle stova.

Og etter kvart vert graaten stillare. Det kjennest som ei lisa, som ei lindring aa faa graata. Og ho kann tenkja.

So gjeng ho burt til glaset og ser etter um dei nedi stova er uppe. Nei, dei er ikkje det. - Aa ja, no er det for seint korso.

Ho stend og ser paa Gamle-Per, som ligg der i sengi kvitbleik og roleg – fredfull aa sjaa til. So sviv den tanken fyre henne, at no stend han vel og bankar paa og vil faa sleppa inn hja Gud. Ho sig paa kne, og bed at Vaarherre vil opna sin himmel for honom. Ho strider og lider med honom som stend og bankar paa himmeriksportane. Ho græt og bed.

Ho gjeng ut paa dørhella. Det ryk i peispipa nedi stova. Nedst paa gjordet sigler laagt ein tokedott. Doggi blenkjer i graset. Og det tykkjest henne, som skulde marki òg ha grete denne natti.

Men ho gjeng innatter i Gamle-stova. Ho vil ikkje uroa so tidlegt – og so fredlegt som det er.

Ho set seg paa ein stol soleis at ho alt i eitt kann kasta auga burt paa Gamle-Per i sengi. Og mykje er det som kjem fram i minnet.

Men i ei stund det strøymer sers inn paa henne ris ho upp, gjeng burt til sengi, tek hans kalde, stive hand i si og takkar honom høgt for alt i samværet deira. Men daa orkar ho heller ikkje meir. Ho sig ned att i stolen med henderne for andletet, og græt – berre græt ut av si store, djupe sorg.

Ho merkar ikkje at det er komen ein inn i stova, fyrr ho kjenner ein liten mjuk arm um halsen sin. Det er Vesle-Per.

«Um sundag vil eg og Sigurd til kyrkja. Skal me ikkje go'mor?»

Men daa han ser at ho græt, vert han fyrst svært undren. Han stend og ser paa henne eit bil. So stryk han henne lint nedover kjaken, soleis som han plar gjera naar han vil vera snild.

«Stakar go'mor!» segjer han med sitt barnemaal.

XI.

Gamle-Bergit er ikkje frisk og fjærug lenger. Ryggen hev bogna so ille mykje. Og han bogna fort daa fyrst det skulde bera til – daa gigt kom so ovleg svær.

No er ho snaudt til aa kjenna att. Minka hev ho, og er vorti so tunn og liti – paa ikkje lenger tidi det er sidan Gamle-Per døydde.

Og so er ho nok for aalvor byrja aa ganga i barndomen. Ho veit ingen ting klaart, anten kva ho gjer eller kva ho segjer. Det er meir som skulde ho ganga i skoddemyrker stødt – alt so glid det ut og kverv og sloknar for syn og minne.

Men ho sit endaa i armstolen sin med bundingen i handi. Og greidt ser det ut at det gjeng. Det hender visst sjeldan ho tek imist eller slepper ei moska. For dei gamle henderne eig kunsti, um syn og tanke er for skrale til aa fylgja med.

Og alt som er gamalt, det minnest ho. Det er det ho tenkjer paa naar ho sit og nikkar og smaarøder med seg sjølv der inne i Gamle-stova. Og det er det ho rolsar um – so visst som eit menneskje ho kann naa i. Slepper det slett ikkje, tek det framatt og røder det uppatt – so smaatt, so smaatt.

So ho er til plaaga, stakar.

Er det ein ting ho kjem paa at ho vil, daa gjev ho seg aldri. Paa lag som dette med presten ho no driv med.. Ho vil ha presten til seg. Endeleg. Ho kunde mest ikkje minnst den gongen han sist hadde vore der, sa ho. So presten for sin part kunde ha god grunn til aa kjenna seg ille ved – naar ein ikkje vyrde honom meir. Og det var so mykje verre av di ho alle dagar hadde vori snild mot sin prestemann. Og det skulde menneskja alltid vera, for prest var no prest, sa ho.

Og so kunde ho fortelja um det spikelaaret ho den gongen hadde fenge gledt han far med, og den hin gongen ho hadde kome honom i hug med ein kokt-ost eller tvo. Det var ofte det hadde kome paa, og det var i alt mange spikelaar og mange ostar.

Men det var no den gongen ho var noko til kjering, segjer ho. No er ho mest ikkje aa rekna med. Men jamenn vil ho daa ha presten til seg for det.

«Vil du gaa til alters daa?» spør dei.

«Nei, eg hev aldri kome det i hug», segjer ho. –

Ein dag fær so Haavard presten til aa fylgja heim; og dei lyder daa inn i Gamle-stova.

«Nei no meinat eg!» ropar Bergit daa presten og Haavard stig inn. – Ho sit i armstolen midt i den store strima av haustsol som skin innover golvet. «Du vilde daa eingong sjaa innum til meg! – so eg kann faa gjeva deg ein kopp kaffi. No var du snild, ja. Set deg no ned!»

Presten so gjer, og spør korleis til stend.

Ho rister paa hovudet.

«No er eg so lite før til, kann eg fortelja deg», segjer ho, og kviler armarne paa stolkarren. «For no er eg so eldande utepaa gamall. Ja, eg er vel den gamlaste som finst no. – Ja, det er eg visst», segjer ho i tankar.

«Ja du er gamall», segjer presten. «Du maa vel einast tenkja paa ferdi her ifraa. Ikkje sant?»

«Aa – ho Kari Kvame var no nokolite eldre enn eg», segjer Bergit, og tøyger litt lenge i sokkespøtet sitt, so det vert ei togn. «Men – so døydde no ho daa – her ei stund sidan. - - - Aa nei, eg er nok den gamlaste som finst no».

Ho puslar med bundingen. Og det er noko som skjelv og rykkjer um den gamle munnen, daa ho endeleg ser uppatt paa presten.

«Aa ja – vilde so sant Vaarherre vera meg naadig, var det so vel det same. Men -, og no skjelv det fram til graat - «det er leidt naar ein vert so eldande gamall. Ein hev gjerne synda mykje som ein ikkje eingong kann koma att i hug – eller faa beda for».

Presten smiler venleg og godt.

«Men Herren vil so gjerne gløyma syndi di», segjer han.

«Ja, han vil vel det?» - Ho smiler sælt som eit barn.

«So det skal du ikkje gjera deg bangen for».

«Men so godt lell! – Jamenn var du snild som saag innum. Eg hev kome deg so i hug».

Presten kjem ikkje paa kva han skal svara i sneddi, - for han vilde gjerne bægja Gamle-Bergit inn paa aalvoret att. Men togni vert ikkje lang: Det er noko som sviv henne.

«Ja no er det ikkje rart med meg – sidan eg datt i koll ute paa trammen», segjer ho, og luter seg nærare. «Eg braut meg reint vanagta i handi. Dermed so var eg ende paa».

«Jaso».

«Og naar eg no vil nedi stova, daa maa dei møta meg her ute paa trammen, skal du vita, og hjelpa meg inn der nedi. Likeins fylgja meg upp atter her. Det er ikkje mætare».

Presten tykkjer han her kann faa høve, og litt skundsamt legg han fram i:

«Men snart skal du sleppa aa vera so vanhjelpi. Snart skal du faa det betre».

«Nei segjer du det? – Ho ser undri paa presten.

«Ja, du skal faa ungdomen att i himmelen».

Gamle-Bergit nikkar og skynar.

«Det er sant. Det hev du gudande rett i – soleis er det han hev laga det for oss».

Presten finn atter ikkje ord – paa eit bil.

«Og dette maa du koma i hug med du no ventar – ei liti tid», segjer han seinvoren.

«Ja, det er vel so. Prsten veit det no best han», segjer Bergit.

Presten augnefester henne – rolegt, klaart, mildt.

«Du hadde vel helst hug til aa sleppa – no snart?» segjer han.

«Aa – eg kann ikkje segja det. Dei er fælände snille her ned i stova».

Presten svarar ikkje.

«Aa du veit – eg hadde vel hug til aa raaka att han Per», segjer ho stillt.

«Ja ikkje sant? Det skulde du ha hug till!»

«Men me hev no ein Per her like vel. – Me hev ein liten gut som heiter Per, maavi-ta», segjer Gamle-Bergit og smiler halvt.

Presten ser paa henne med sterke gode augo.

«Men du trur daa vel at Gud vil vera deg naadig?» segjer han.

«Det vil han visst. Eg trur ikkje anna», segjer ho.

«Men daa vil du visst ha hug til aa ganga til alters – kann eg tenkja».

«Eg hadde vel òg – men so vert det bry for deg att», segjer ho.

Haavard smiler, og Presten òg – ørlite.

So talar presten einfelt og truhjartugt til henne. Ho sit og lyder til – bryt ikkje av, samlar sin vidsveimde tanke um det han segjer, og nikkar sitt samtykke. Og fær braud og vin.

«Verkeleg vart eg no sæll!» segjer ho daa presten fylgjer Haavard ned i stova – skal ha kaffi.

Og atter sit Gamle-Bergit aaleine i den gamle logne uppistova – i den kjære gamle armstolen sin. Hovudet nikkar til eigne hugsviv, og henderne er trottige med bundingen som dei alltid hev vore.

Men langs etter det store raudmaala bordet stend blomstrar i svære stein- pottor. Dei fleste hev avblømt, eller er ikkje av deim som blømer. Men det er audsynt at nokre varm-raude «Kristi blodsdropar» dryp stillt millom blomsterbladi, medan bleik haustsol blenkjer innover.

Stoveklokka liver og er den gamle støde, jamne i takt og tone. Ho snur ikkje visarane med noko slag hast. Ho veit at ho rekk det ho skal. Og med rolege slag mæler ho tidi hennar Gamle-Bergit ut i smaa timelengder.



NYNORSK
ANTI-KVARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66 • **faks:** 37 16 30 00

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvarbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: [Arne-Ivar.Kjerland](mailto:Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no)

@nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098



RADIO HALLINGDAL

www.radiohallingdal.no

Postboks 54, 3575 Hol • Tlf 3208 9111

Radio Hallingdal gratulerer Olav Sletto-selskapet med 125 års-
feiringa. Sletto sine bøker har gleda mange gjennom opplesingane
i Radio Hallingdal. Måtte jubileet opne augene på endå fleire for
denne storfelte dikteren frå Hol.



Hol kommune støttar
Olav Sletto-selskapet





Hallingdal Kraftnett støtter Olav Sletto-selskapet og ynskjer til lukke med 125-års markeringa.

Bor du i Hallingdal,
eller har verdier i Hallingdal,
- bør de være forsikret i
Hallingdal!



Vi har drevet forsikring i Hallingdal siden 1889,
og forsikrer de fleste verdiene i Hallingdal.

De fleste skadene på hytter og boliger kommer i
form av brann-, vann- eller innbruddskader.

Ved å foreta:

Gjensidige's anbefalte sikringstiltak mot
disse skadene oppnår du **betydelig rabatt**
på forsikringspremien, og **vi gir tilskudd** til
kostnadene.

Ta kontakt med oss for nærmere informasjon!



GJENSIDIGE
Hallingdal

Telefon: 32 07 90 00 • Fax: 32 07 90 01

E-post: hallingdal@gjensidige.no

www.gjensidige-hallingdal.no

www.gjensidige.no

Kontorer:

Geilo · Ål · Hemsedal · Nesbyen · Gol

Bank og Forsikring i Hallingdal

Me gratulerer så mykje med 125-årsjubileet!



Om du vil kjøpe nytt hus ell' ny hytte, men lura på om du har råd te å bytte?

Kontakt oss i banken så ska' du nok sjå, at peng' kjem på plass, ja det bli nok ei rå!

Telefon 03202 (kundesenteret)
mån-fre kl. 08.30-20.00
E-post: post@sb1.no

Thor Beer

Du finn oss på Geilo,
Ål, Gol og Hemsedal

SpareBank
HALLINGDAL



www.sb1.no

Boksmia

Nord-Europas høgastliggjande forlag har gitt ut vel 25 bøker, romanar og faglitteratur om miljø, historie og språk.

Lokale bøker:

Arne Horge: *Eg gjekk upp Karl Johan*

Åshild Lappegard: *Sommaren med Gommo* (illustrert barnebok)

Sigvat Medgard: *Soga om Eivind Fredlaus* (også som lydbok innlesen av Arne Skogheim)

Øystein Molstad Andresen: *Oddemann - glimt frå eit anna slags liv*

Olav Randen og Bård Svardal: *I steinbu og snaufjell i øvre Hallingdal*

Kjell Venås: *So sea me her - ei lita bok om hallingmålet*

Ivar Aasen: *Ord, uttrykk og inntrykk frå Hallingdal og Valdres*

I september 2011 kjem Nils Ellingsgard: *Hallingdal i biletkunsten*, 2. og utvida utgåve.

Sjå www.boksmia.no,
telefon 3208 4398,
e-post boksmia@online.no,
adresse Vats, 3570 Ål.





USTEKVEIKJA
E N E R G I

*Ustekveikja Energi
gratulerer
Olav Sletto-selskapet
med dagen!*

coop

Vestviken

**Vi ønsker
Olav Sletto-selskapet
til lykke med jubileums-
markeringen!**

**Hol Sparebank er en selvstendig, lokal
sparebank med gode finansieringsløsninger og
konkurransedyktige vilkår!**

**I tillegg til tradisjonelle bankprodukter tilbyr
vi også mer utfyllende økonomisk rådgivning
og forsikring.**

Fordeler for deg som kunde:

- **Bank og forsikring på ett sted**
- **Lokale kunderådgivere**

HOL  **SPAREBANK**
– med service i sentrum

Tlf.: 32 08 70 20 / 32 08 70 80
post@holsparebank.no
www.holsparebank.no